

Maiken Gjøsdal

«Man sei jo ikkje *den metoden* – gjer dokke?»

Ein eksperimentell studie av grammatisk hokjønn på Søre Sunnmøre

Masteroppgåve i nordisk for lektorstudentar

Rettleiar: Ragnhild Eik

Mai 2024

Maiken Gjøsdal

«Man sei jo ikkje *den metoden* – gjer dokke?»

Ein eksperimentell studie av grammatisk hokjønn på Søre Sunnmøre

Masteroppgåve i nordisk for lektorstudentar
Rettleiar: Ragnhild Eik
Mai 2024

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for språk og litteratur



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Samandrag

Dei siste åra har det vorte publisert ein god del forskning som peikar mot endringar i genussystemet i eit utval norske dialekter. Det er i den samanhengen blitt observert at hankjønn og hokjønn er i ferd med å felle saman til éin genuskategori, og at det er hankjønnen som vinn terreng til fordel for hokjønnen. Resultatet er at ein i staden for eit trekjønnsystem med han-, ho- og inkjekjønn, ser ut til å få eit tokjønnsystem med felles- og inkjekjønn. Denne oppgåva tek på seg eit synkront blikk for å avdekkje korleis bruken av grammatisk hokjønn ser ut blant ei gruppe unge språkbrukarar i kommunane Volda og Ørsta på Søre Sunnmøre. Metodikken er gjort opp av eit eksperiment designa for å elisitere språkleg produksjon knytt til substantivfrasar i eintal, og ei gruppeoppgåve der informantane byggjer setningar saman ved hjelp av laminerte kort. Resultata peikar mot at eit bortfall av grammatisk hokjønn kan vere i startfasen i dette talemålsområdet. Funna antydar òg at linne ord er noko meir robuste som hokjønnsord enn dei sterke, og at nynorsk normering kan ha påverknad på utviklinga til einskilde ord, ut ifrå kva kjønn dei er normerte til.

Abstract

In recent years, several studies have been conducted, the results of which point to changes in the gender system in a selection of Norwegian dialects. This change entails a replacement of the traditional masculine-feminine-neuter contrast by a common-neuter contrast, resulting in the traditional f and m being isomorphous. This thesis involves a study of the spoken language of a group of young speakers from the west coast of Norway. The main aim of the study is to establish how these speakers assign grammatical gender to a selection of nouns that are traditionally feminine within this dialect. The study makes use of an experimental method designed to elicit spoken language production tied to singular noun phrases, and a group task in which the participants work together to construct sentences using laminated cards. The results indicate that a potential change may be in its early stages in the areas covered by the study. Other findings imply that weak feminine words may be more resistant to this potential change than strong ones, and that the written standard Nynorsk may have some influence on how individual words are affected by the change.

Innhald

Tabellar	ix
Figurar	x
1 Innleiing.....	1
1.1 Prosjektet sitt hovudformål.....	1
1.2 Motivasjon	2
1.3 Forskingsspørsmål	2
1.4 Struktur på oppgåva	3
2 Tidlegare forskning og teoretiske perspektiv.....	4
2.1 Grammatisk kjønn i norsk	4
2.1.1 Tilhøvet mellom kjønn og bøyingsklasse	4
2.1.2 Norsk som lågtransparent genusspråk	5
2.2 Nyare forskning på bortfall av hokjønn	6
2.2.1 Resultat frå GenVAC	7
2.2.2 Synkretisme, tileigning og tap	8
2.3 Stadutval hos GenVAC og i denne oppgåva.....	9
2.3.1 Søre Sunnmøre som talemålsområde.....	10
3 Metode.....	13
3.1 Deltakarutval	13
3.2 Metodar for datainnsamling	14
3.2.1 Metode 1 – elisitert produksjon	15
3.2.2 Metode 2 – byggeklossoppgåve.....	16
3.3 Utval av språkleg testmateriale	18
3.3.1 Metode 1.....	18
3.3.2 Metode 2.....	20
3.4 Teoretisk-metodiske koplingar	22
3.4.1 Inngangar til produksjonsstudiar	22
3.4.2 Kvantitative versus kvalitative tilnærmingar.....	24
3.5 Metodiske atterhald	25
4 Resultat og analyse.....	27
4.1 Metode 1 – elisitert produksjon.....	27

4.1.1 Ubundne artiklar	27
4.1.2 Bundne suffiks	30
4.1.3 Samla analyse av bundne og ubundne hokjønnsord	32
4.2 Metode 2 - byggeklossoppgåve	36
4.2.1 Val av hokjønnsformer	37
4.2.2 Jamføring av resultat frå metodane.....	38
4.2.3 Informantane sine vurderingar	42
5 Diskusjon	47
5.1 Kva er greia med suffiksa?	47
5.1.1 Sterkheit, linnheit og nynorsk normpåverknad	49
5.1.2 Utgreiing om dei kuriøse orda	51
5.2 Målbryting, sentrumshopping og det isomorfiske crux.....	52
5.2.1 Målbryting	52
5.2.2 Sentrumshopping.....	54
6 Konklusjon	56
6.1 Svar på forskingsspørsmåla	56
6.2 Vidare forsking.....	57
Litteratur	59

Tabellar

Tabell 1: produserte hokjønnsartiklar blant B- og C-gruppa i GenVAC.....	8
Tabell 2: produserte -a-endingar blant B- og C-gruppa i GenVAC	8
Tabell 3: matrise over kombinasjonen av morfologisk kompleksitet og storleik.....	10
Tabell 4: trekk som skil ut hokjønnsord som eigen kategori i sunnmørsdialekta	11
Tabell 5: oversyn over informantar.....	13
Tabell 6: oversyn over grupper i byggeklossoppgåva.....	17
Tabell 7: oversyn over ordutval frå elisiteringseksperimentet.....	19
Tabell 8: matrise over ulike typar hokjønnsord	19
Tabell 9: språkleg materiale i setning 1 i byggeklossoppgåva.....	21
Tabell 10: språkleg materiale i setning 2 i byggeklossoppgåva	21
Tabell 11: supplerande språkleg materiale i byggeklossoppgåva.....	22
Tabell 12: oversyn over produserte ubundne hokjønnsartiklar ei per ord.....	29
Tabell 13: oversyn over produserte -a-endingar per ord.....	31
Tabell 14: matrise over ulike typar hokjønnsord.....	36
Tabell 15: oversyn over gruppene sine setningsval	38
Tabell 16: oversyn over hokjønnsord i gruppene sine setningsval	38
Tabell 17: informantprofilar for gruppe 1.....	40
Tabell 18: informantprofilar for gruppe 2.....	40
Tabell 19: informantprofilar for gruppe 3.....	41
Tabell 20: oversyn over artiklar og suffiks frå GenVAC (B-grupper) og mine eksperiment	48

Figurar

Figur 1: skjermdump av eit lysbilete før animasjon.....	16
Figur 2: skjermdump av eit lysbilete etter animasjon.....	16
Figur 3: produserte ubundne hankjønnsartiklar en per ord blant informantar og kontrollperson.....	27
Figur 4: produserte ubundne inkjekjønnsartiklar et per ord blant informantar og kontrollperson.....	28
Figur 5: produserte ubundne hokjønnsartiklar ei per ord blant informantar og kontrollperson, konvensjonelle hokjønnsord.....	29
Figur 6: produserte ubundne hokjønnsartiklar ei per ord blant informantar og kontrollperson, kuriøse hokjønnsord.....	30
Figur 7: produserte -a-endingar per ord blant informantar og kontrollperson, konvensjonelle hokjønnsord.....	31
Figur 8: produserte -a-endingar per ord blant informantar og kontrollperson, kuriøse hokjønnsord.....	32
Figur 9: ubundne artiklar og bundne suffiks	32
Figur 10: tilhøvet mellom artiklar og suffiks, kuriøse hokjønnsord	33
Figur 11: ubundne artiklar og bundne suffiks til hokjønnsord, etter geografisk opphav	34
Figur 12: ubundne artiklar (rosa, lilla, blå) og bundne suffiks (svart) på individnivå	35
Figur 13: ubundne artiklar og bundne suffiks etter type hokjønnsord.....	36
Figur 14: artiklar og suffiks etter type hokjønnsord, ekskludert auge	49

1 Innleiing

1.1 Prosjektet sitt hovudformål

Alle germanske språk har tradisjonelt delt inn substantiv i tre ulike grammatiske kjønn – ein eigenskap desse språka ber med seg heilt ifrå urindoeuropeisk (Berg, 2019, s. 2; Beito, 1954, s. 1). Svensk, dansk og nederlandsk, så vel som det bergenske bymålet i Noreg, gjekk over til eit tokjønnsystem for fleire hundre år sidan (Busterud, Lohndal, Rodina, & Westergaard, 2019, s. 4). Hovudvekta av norske dialekter har likevel opprettheldt eit trekjønnsystem fram til vår tid.

Likevel har det dei siste åra blitt publisert ein god del forskning som peikar mot endringar i genussystemet i eit utval norske dialekter (Busterud, Lohndal, Rodina & Westergaard, 2020; Lødrup, 2011; Rodina & Westergaard, 2015). Det er i den samanhengen blitt observert at hankjønn og hokjønn er i ferd med å felle saman til éin genuskategori, og at det er hankjønn som vinn terreng til fordel for hokjønn (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 20). Resultatet er at ein i staden for eit trekjønnsystem med han-, ho- og inkjekjønn, ser ut til å få eit tokjønnsystem med felles- og inkjekjønn.¹

Prosjektet *Grammatical Gender in Norwegian Dialects: Variation, Acquisition and Change (GenVAC)*, finansiert av Norges forskningsråd (2020-2025, prosjektnummer 301094), har teke på seg å undersøkje denne endringsprosessen omfattande og komparativt, med det føremålet å slå fast kor generell den er, korleis den kan forklarast, og kvifor den kjem akkurat no. Det mitt prosjekt siktar seg inn på, er å nytte liknande metodar, for å granske genussystemet i eit talemålsområde av ein type som i nyare tid ikkje er undersøkt med dette som mål – nemleg eit område med ein sterk og langvarig nynorsktradisjon.

Denne oppgåva tek på seg eit synkront blikk for å avdekkje korleis bruken av grammatisk hokjønn ser ut blant ei gruppe unge språkbrukarar på Søre Sunnmøre, nærare bestemt i kommunane Volda og Ørsta. Metodikken min er gjort opp av eit eksperiment designa for å elisitere språkleg produksjon knytt til substantivfrasar i eintal, og ei gruppeoppgåve der informantane byggjer setningar saman ved hjelp av laminerte kort. Sistnemnde lokkar fram metalingvistiske refleksjonar kring språkleg variasjon, som blir brukte for å gje diskusjonskapittelet ein sosiolingvistisk dimensjon. Både elisiteringseksperimentet og gruppeoppgåva er baserte på metodar som GenVAC-prosjektet har teke i bruk, men eg har vidareutvikla dei til mitt formål. Slik får eg samla inn data som i stor grad er samanliknbare med deira resultat, og samtidig spelerom til å fordjupe meg på eit par område som hittil ikkje er forska på. Oppgåva er i hovudsak ein deskriptiv studie, som freistar å kartleggje eit aspekt ved den noverande språkrøynda på eit gitt område. Eg vil ha eit sideblikk til sosiolingvistiske forklaringsrammer som kan gje innsikt i bakanforliggjande årsaker, men dette perspektivet er sekundært.

¹ Det er ikkje sikkert at denne endringa kjem til å bli heilt gjennomført på noko tidspunkt – dette er det for tidleg til å konkludere med. I denne oppgåva vil eg likevel omtale det som ein endringsprosess, i tråd med studiane omtala i 2.2, som peikar på eit slikt utfall som sannsynleg.

1.2 Motivasjon

Sjølv om GenVAC representerer ei mykje meir storskala granskning av genusendringar enn tidlegare norsk forskning gjer, finst det òg gode grunnar til å supplere funna deira, ved å undersøkje talemålsområde som fell utanfor omfanget av GenVAC. Mellom anna har den tilsynelatande endringa i genussystemet i norske dialekter av fleire forskarar blitt sett i samanheng med påverknad frå skriftspråk, og i dei områda som har blitt undersøkte svarar dette til bokmål. Dette momentet gjer det interessant å undersøkje eit nynorskområde, der tregenusystemet i utgangspunktet òg har støtte i skriftspråket.

Den aktuelle dialekta i mitt prosjekt skil seg òg ut morfologisk, med fleire genusdistinksjonar enn mange andre område som er undersøkte. Som eg vil kome inn på seinare i oppgåva, er dette eit sentralt moment for forskarane i GenVAC, som går ut i frå at varietetar med fleire former som skil ut hokjønn som eigen kategori, er meir motstandsdyktige mot ei eventuell samansmelting av ho- og hankjønn. Talemålet på Søre Sunnmøre er difor høveleg å ta utgangspunkt i for å teste denne hypotesen vidare.

I tillegg ynskte eg å få innblikk i nokre tilhøve som fell utanfor GenVAC sitt omfang, nemleg det som vil bli vist til i forskingsspørsmål 4, som spør korleis ulike grupper av hokjønnsord oppfører seg einskapleg. Denne dialekta har ein del ord som tradisjonelt er hokjønn, men som både er normerte som hankjønn i nynorsk, og er det i dei fleste andre dialekter, og desse er det interessant å undersøka stoda til. Eg har difor laga rom for eit breitt utval hokjønnsord i testmaterialet mitt, som mellom anna inkluderer linne og sterke ord, og ord som er normerte til både han-, ho- og inkjekjønn i nynorsk, men som alle tradisjonelt er hokjønn i den aktuelle dialekta. Desse vil bli analyserte gruppevis.

Til slutt kan det nemnast at det å undersøkje eit talemålsområde som hittil ikkje er undersøkt, i alle høve gjev eit betre og meir dekkande bilete av situasjonen. Dette har difor ein eigenverdi.

1.3 Forskingsspørsmål

Det overordna forskningsspørsmålet for prosjektet mitt er som følgjer:

Korleis ser bruken av grammatisk hokjønn ut for ei gruppe unge språkbrukarar frå Søre Sunnmøre, eit område med ein sterk nynorsktradisjon?

Eg vil svare på forskningsspørsmålet strukturert etter desse fem underspørsmåla:

1. Korleis ser produksjonen av ubundne artiklar og bundne eintalssuffiks til informantane ut, i eit eksperiment designa for å elisitere desse?
2. Kva val tek informantane med omsyn til hokjønnsformer, i møte med eit skriftleg stimulusmateriale som dei skal bruke til å bygge setningar i grupper?
3. I kva grad er det samsvar mellom åtferda deira på tvers av desse situasjonane (spørsmål 1 og 2)?
4. I kva grad oppfører ulike grupper av hokjønnsord seg einskapleg i produksjonen til informantane?

5. Korleis plasserer desse resultatata seg i forhold til generelle tendensar til endringar i grammatisk hokjønnsord i norske dialekter?

Spørsmål 1 tek føre seg det mest grunnleggjande ved oppgåva sitt føremål: å kartleggje kva slags ubundne artiklar og bundne suffiks informantane nyttar saman med tradisjonelle hokjønnsord. Det er likevel viktig å hugse på at det ikkje er mogleg å trekkje store, generelle slutningar ut ifrå desse resultatata, sidan informantgruppa mi er relativt lita (sjå 3.5 for utgreiing av metodiske atterhald). Spørsmål 2 freistar å få innsikt i informantane sine haldningar til språkleg variasjon, og tematiserer språkleg åtferd i ein annan kontekst enn den som er skapa gjennom elisiteringseksperimentet. Spørsmål 3 opnar opp for å jamføre den språklege åtferda til informantane på tvers av dei to situasjonane, og har såleis ein metodologisk verdi, der målet er å finne ut kva bruken av ulike metodar kan tilby i møte med problemstillinga som er undersøkt. Spørsmål 4 er som nemnt interessant for å gå meir i djupna på den endringsprosessen som tidlegare forskning indikerer at er i gang. Eit sentralt spørsmål her er mellom anna kor vidt endringa råkar hokjønnsord som grammatisk kategori, eller om den hender på ordnivå, noko ein gruppevis analyse av ulike typar hokjønnsord kan gje innsikt i. Gjennom spørsmål 5 vil eg kunne seie noko om korleis områda eg har undersøkt, eventuelt skil seg frå andre område som er undersøkt tidlegare. Ut ifrå dette kan ein skissere opp tilhøve som er interessante å forske på i framtida, for å få ei fyldigare forståing av endringsprosessen vi ser ut til å vere vitne til.

1.4 Struktur på oppgåva

I kapittel 2 vil eg fyrst gjere greie for nokre ulike syn på kva genus er og korleis det kjem til uttrykk, samt tydeleggjere kva for ein definisjon eg har nytta i arbeidet med oppgåva. Eg vil òg gje eit oversyn over tidlegare forskning på genus og genusendringar i eit norsk perspektiv. Relevante resultat frå GenVAC blir presenterte i 2.2.1, og desse resultatata utgjer hovudvekta av den forskinga eg vidare vil jamføre mine resultat med. I kapittel 3 skildrar og grunngjev eg metodikken min, samt utvalet av deltakarar og språkleg testmateriale. I kapittel 4 blir resultatata frå begge metodane lagt fram. I kapittel 5 diskuterer eg funna mine i lys av teori som vart introdusert i kapittel 2, i tillegg til å trekkje inn nokre sosiolingvistiske omgrep og forklaringsmodellar som gjev djupare innsikt i resultatata mine. I kapittel 6 forsøker eg å svare på forskingsspørsmåla mine, og peikar ut nokre tilhøve som kan vere interessante å forske på i framtida.

2 Tidlegare forskning og teoretiske perspektiv

2.1 Grammatisk kjønn i norsk

I det følgjande delkapittelet vil eg ta føre meg kva genus er, og presentere ulike syn på samanhengen mellom genus og bøyingsklasse.

2.1.1 Tilhøvet mellom kjønn og bøyingsklasse

For ein klassisk definisjon av grammatisk kjønn viser eg til Hockett (1958): «Genders are classes of nouns that are reflected in the behavior of associated words» (Hockett, 1958, s. 231). Denne definisjonen inneber at substantivet sitt genus berre er synleg på frittstående element, som artikkel, possessiv, determinativ, og adjektiv. Dette betyr òg at affikserte element, som dei norske bundne suffiksa -en og -a, ikkje er rekna som eit uttrykk for genus i denne definisjonen. Sjølv om dei bundne suffiksa har blitt rekna som genusmarkørar i tradisjonelle framstillingar (jf. Faarlund, Lie & Vannebo, 1997, s. 150), argumenterer fleire forskarar i dag for at suffiksa må sjåast som eit uttrykk for bøyingsklasse, og ikkje genus, i tråd med Hockett sin definisjon (Rodina & Westergaard 2021, s. 239-240). I norske dialektgrammatikkar er det vanleg å take utgangspunkt i genus fyrst², og deretter føre opp ulike bøyingsklasser innanfor desse, modellert på dei norrøne bøyingsklassene (van Baal, Solbakken, Eik og Lohndal 2023, s. 19; Enger 2004, s. 52).

Distinksjonen mellom genus og bøyingsklasse er likevel mykje omdiskutert. Trass forståinga av norsk som eit låg- eller ikkje-transparent genuspråk har ein observert ein tendens til at genussystemet og bøyingsystemet over tid konvergerer, på ein slik måte at suffiks ser ut til å indikere kjønn (Berg, 2019, ss. 2-3). I praksis vil dette seie at bundne substantivsformer i stor grad har suffiks som korresponderer med dei anten to eller tre genera, sjølv om desse suffiksa ikkje er direkte uttrykk for genus i seg sjølve. Svenonius (2017) (omtala i van Baal, Eik, Solbakken & Lohndal, under trykking, s. 5) utviklar ein analyse som kan tolkast som at suffiks kan vere uttrykk for genus, dersom desse står i eit ein-til-ein-forhold med frittstående element. Dette gjeld altså dersom ein varietet har tre suffiks og tre ubundne artikkel som korresponderer med kjønn, men ikkje dersom ein har tre suffiks og berre to ubundne artikkel (van Baal, Eik, Solbakken, & Lohndal, under trykking, s. 5).

Det er altså etablert ein så sterk korrelasjon mellom genus og bøyingsendingar, at det i mange tilfelle faktisk er rimeleg å anta at ein kan utleie informasjon om substantivets genus basert på bøyinga. Rodina og Westergaard (2013) presenterer endåtil funn som kan tyde på at norske born tileignar seg genus ved hjelp av observert bøyingsmorfologi (Rodina & Westergaard, 2013, s. 61). Denne prosessen er driven av liknande mekanismar som dei som forårsakar genusskifte, altså analogilaging, som eg vil kome nærare inn på i 2.1.2. Årsakene – både til den sterke korrelasjonen mellom kjønn og bøyning, og til dei mange unntaka som gjer at ein ikkje kan danne vasstette reglar utifrå den – er mange og samansette, og ei eventuell utgreiing fell utanfor rammene til dette

² Kor vidt det er tenleg å sjå på genus eller bøyingsklasse som mest grunnleggjande, er omdiskutert – sjå t.d. Enger (2004) for ei drøfting av GenderFirst- og DeclensionFirst-hypotesane.

prosjektet. Det som er relevant å etablere, er at ei rekkje fonologiske og morfologiske endringar har redusert uorden i det norske bøyingsystemet, og gjort korrelasjonen mellom bøyning og kjønn mykje sterkare i dag enn den var i gamalnorsk (Berg, 2019, s. 27; Enger, 2004, s. 57).

I denne oppgåva tek eg i ei snever forståing utgangspunkt i Hockett (1958) sin definisjon av grammatisk kjønn, som seier at dette berre er synleg på frittstående element som kongruerer med substantivet. Eg tek like fullt utgangspunkt i at det nære utviklingsforholdet mellom kjønn og bøyning som Enger (2004) og Berg (2019) diskuterer, er betydeleg. Eg vil difor ikkje sjå på suffiks som uttrykk for kjønn i ei streng forstand, men eg tek høgde for at både artikkel og suffiks, i ulik grad, og på ulike vis, heng saman med talarar si oppfatning av genus, og at begge er relevante for å forstå endringsprosessen i det norske genussystemet som vi no er vitne til.

2.1.2 Norsk som lågtransparent genuspråk

Norsk er typologisk definert som eit lågtransparent genuspråk, som vil seie at genustildelinga synest å vere arbitrær, og at det ikkje er mogleg å avgjere genuset til eit substantiv ut ifrå eigenskapar ved substantivet (Busterud, Lohndal, Rodina, & Westergaard, 2019, s. 4). Ein kan i stor grad predikere kjønn til eit substantiv dersom det har ein animat referent – slik som *dame* og *ku* er hokjønn, medan *mann* og *okse* er hankjønn – men utover denne eine semantiske kategorien har ein få kjenneteikn å gå etter, korkje semantiske eller formmessige, slik at det til dømes ikkje er mogleg å forklare kvifor *kur* er hankjønn, medan *skur* (bygninga) er inkjekjønn (Urek, Lohndal, & Westergaard, 2022, s. 8). Likevel skal vi sjå døme på teoriar som nyanserer dette noko.

Den nordiske språkhistoria er full av døme på ord som har skifta genus, og som Beito (1954) erklærer: «Alle genusskifte syner at grensene mellom dei ulike genera ikkje har vore stengde» (Beito, 1954, s. 3). Han argumenterer for at drivkrafta bak genusskifte er assosiasjonar mellom ord av ulike kjønn, altså er slike prosessar analogilagingar (Beito, 1954, s. 4). Desse assosiasjonane kan vere baserte på semantiske eigenskapar eller formlikskap. Når det er eit mishøve mellom ordets grammatiske kjønn og det naturlege kjønn til referenten, kan til dømes semantikken overstyre andre reglar, slik at denne oppfatta anomalien blir utjamna. Likeins kan ord som formmessig liknar ord frå ei gruppe med anna genus, slutte seg til denne gruppa. Mange faktorar spelar inn på kor vidt ei ordgruppe held seg over tid. Generelt vil ei større gruppe vere meir motstandsdyktig enn ei mindre under elles like tilhøve. I tillegg er høgare frekvens på dei einskilde orda, fastare samanheng innbyrdes i gruppa, klårare avgrensing mot andre grupper, og sterkare produktivitet, eigenskapar som er hevda å gjere ei ordgruppe meir robust over tid, og som gjer det meir sannsynleg at ordgruppene blir produktive og dreg til seg andre ord (Beito, 1954, s. 4).

Mange arbeid har sett seg som mål å utvikle teoriar for predikering av genus i norsk. Samla sett har dette for det meste resultert i stokastiske reglar – altså reglar som har eit visst sannsyn for å stemme – medan vasstette reglar har vist seg vanskeleg å etablere (Urek, Lohndal, & Westergaard, 2022, ss. 11-12). Trosterud (2001) har mellom anna sett opp ei liste på 43 reglar som han argumenterer for at predikerer genustildelinga til norske ord, med 94 % suksessrate. Dei to fyrste reglane lyder som følgjer:

1. Alle norske ord er m.

Bil, båt, ironi, SAS, web

2. Tostava ord på trykklett -e er f.

Fille, hylle, kake, snekke

(Trosterud, 2001, ss. 6-7)

Hankjønn er standardverdien for genustildeling i norsk, og etter denne påfører ein regelen om at tostava ord på trykklett -e (altså linne ord), er femininum. Med andre ord er altså alle substantiv maskuline, med unntak av dei linne, og med unntak av orda som er påverka av dei resterande 41 reglane. Inndelinga til Trosterud (2001) er mykje kritisert. Det same er mange andre teoriar som hevdar å kunne seie noko om predikering av kjønn, på bakgrunn av at dei gjerne lener seg på post-faktum-rasjonaliseringar: dei leitar etter generaliseringar med utgangspunkt i noko som allereie eksisterer (Urek, Lohndal, & Westergaard, 2022, s. 8).

Likevel har inndelinga til Trosterud (2001) ei lita kjerne av sannheit i seg. Det kan nemleg sjå ut til at vi assosierer linnheit meir med hokjønn, sjølv om dei fleste norske substantiv på -e faktisk er hankjønn (Urek, Lohndal, & Westergaard, 2022, s. 17). Urek, Lohndal og Westergaard (2022) nytta pseudosubstantiv med inanimat referent, for å undersøke om talarar nyttiggjer seg fonologiske eigenskapar ved orda når dei tildeler genus. Ut i frå resultatata deira ser det ut til at genustildeling i norsk for inanimatar ikkje er *heilt* arbitrært: Det er meir sannsynleg at ein språkbrukar tildeler hokjønn til eit substantiv som endar på -e, enn til substantiv som har andre endingar (Urek, Lohndal, & Westergaard, 2022, s. 22). Likeins var det meir sannsynleg at ord med endinga -v vart tildelt inkjekjønn, enn ord med andre endingar. Dei fann òg at semantikk ikkje har nokon innverknad på genustildelinga, og denne faktoren ser såleis ut til å berre gjelde ord med animat referent.

Heller ikkje denne studien var i stand til å etablere nokon kategoriske reglar for tildeling av genus, og norsk må difor framleis karakteriserast som eit lågtransparent genuspråk. Likevel er det relevant å merkje seg at språkbrukarar ser ut til å vere sensitive for enkelte fonologiske eigenskapar ved substantiva, noko som mellom anna aukar sannsynet for at substantiv med -e-ending blir tildelt hokjønn. Dette momentet er relevant for forskingsspørsmål 4 i denne oppgåva, og eg vil kome tilbake til denne diskusjonen i kapittel 5.

2.2 Nyare forskning på bortfall av hokjønn

Dei siste åra har det vorte forska mykje på endringar i grammatisk kjønn i eit utval av norske dialekter og språkkontaktområde, med særleg vekt på Tromsø og Trondheim (sjå t.d. Busterud, Lohndal, Rodina og Westergaard, 2019; Rodina og Westergaard, 2015). Studiane frå Tromsø og Trondheim har òg dokumentert ei samansmelting av han- og hokjønnsformer, der hankjønnsformene tek over for hokjønnsformene. I praksis vil dette seie at der folk tidlegare har sagt *ei jente* og *ei bok*, seier dei no i aukande grad *en jente* og *en bok*. I tillegg blir *mi jente* og *mi bok* til *min jente* og *min bok* (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 20).

Produksjonseksperiment gjennomført i ulike aldersgrupper viser ein nedgang i bruken av den ubundne hokjønnsartikkelen *ei*, dess yngre deltakarane er. Resultata indikerer òg ein viss skilnad mellom Tromsø og Trondheim, der ein større andel vaksne i Tromsø nyttar hokjønnsartikkelen jamført med Trondheim. Lødrup

(2011) viser i tillegg at Oslo-målet no føyer seg i rekka av germanske varietetar som gjennomgåande opererer med eit tokjønnsystem – hokjønnsartikkelen *ei* er for det meste gått ut av bruk.

Vidare viser studiane at medan den ubundne artikkelen fell bort i Tromsø og Trondheim, er det bundne suffikset relativt stabilt, med *jenta* og *boka* som dominerande former på tvers av aldersgrupper (Rodina & Westergaard, 2015; Busterud, Lohndal, Rodina & Westergaard, 2019). Denne observasjonen støttar moglegvis opp under synet på prenominala artiklar og suffiks som uttrykk for høvesvis genus og bøyingsklasse, sidan dei ser ut til å oppføre seg ulikt.

Eit nyare prosjekt som utvidar undersøkinga av hokjønn til fleire norske dialektar, er GenVAC. Som nemnt innleiingsvis knyter denne masteroppgåva seg til GenVAC-prosjektet, og eg vil difor presentere nokre særleg relevante resultat frå dette prosjektet nedanfor.

2.2.1 Resultat frå GenVAC

Forskarane i GenVAC-prosjektet har velt ut åtte stader å gjennomføre eksperimenta sine, basert på kriterium som vil bli presenterte i 2.3: Bodø, Mo i Rana, Stavanger, Egersund, Kristiansand, Lyngdal, Voss³ og Trondheim (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 28). På desse områda har dei gjennomført eksperiment som elisiterer produksjon av substantivfrasar i eintal og fleirtal, possessivfrasar og anaforiske pronomen, i tillegg til sosio- og psykolingvistiske eksperiment. På alle stadane er øvingane gjennomførte av informantar i to ulike aldersgrupper; VGS-elevar (gruppe B), og vaksne på 25-75 år (gruppe C). På nokre stader er òg ei barnegruppe A på 10-12 år undersøkt (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, ss. 30-31). Informantgruppa mi i denne oppgåva er mest samanliknbar med B-gruppa, og difor blir denne via mest merksemd her. Desse resultatata vil eg jamføre med mine resultat i kapittel 5. Under trekkjer eg likevel òg fram resultat frå C-gruppa, sidan jamføringa av aldersgrupper viser fram dei moglege endringstendensane ein kan spore i materialet.

Tabellane nedanfor syner elisitert produksjon av ubundne artiklar (tabell 1) og bundne suffiks (tabell 2) på tvers av 7 ulike område undersøkt i GenVAC-prosjektet. Tala er henta frå van Baal, Eik, Solbakken og Lohndal (under trykking).

	B-gruppe (17-19 år)		C-gruppe (25-27 år)	
Mo i Rana	94,28 %	(560/594)	98,21 %	(549/559)
Egersund	79,33 %	(522/654)	90,14 %	(667/740)
Bodø	36,94 %	(232/628)	94,74 %	(613/647)
Lyngdal	21,04 %	(126/599)	87,23 %	(485/556)
Kristiansand	12,12 %	(72/594)	64,94 %	(452/696)
Trondheim	11,82 %	(67/567)	38,74 %	(294/759)
Stavanger	0,61 %	(4/657)	43,31 %	(343/792)

³ Talemålet i Voss blir no undersøkt i Kristin Haug si doktorgradsavhandling (UiO). Dette prosjektet er tilknytt GenVAC, men resultatata er enno ikkje publiserte. I framtida kan det vere interessant å jamføre mine resultat med denne avhandlinga, sidan Voss òg er ein nynorsk-kommune.

Tabell 1: produserte hokjønnsartiklar blant B- og C-gruppa i GenVAC

	B-gruppe (17-19 år)		C-gruppe (25-27 år)	
Lyngdal	100,00 %	(302/302)	98,10 %	(258/263)
Mo i Rana	99,67 %	(299/300)	99,67 %	(299/300)
Bodø	98,42 %	(312/317)	99,08 %	(319/322)
Trondheim	97,18 %	(276/284)	99,21 %	(379/382)
Egersund	96,69 %	(321/332)	95,47 %	(358/375)
Kristiansand	87,58 %	(261/298)	98,29 %	(345/351)
Stavanger	36,28 %	(119/328)	65,08 %	(259/398)

Tabell 2: produserte -a-endingar blant B- og C-gruppa i GenVAC

Resultata⁴ viser altså at B-gruppene i Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Bodø og Lyngdal sjeldan nyttar hokjønnsartikkelen *ei* (tabell 1). Biletet ser noko annleis ut i Mo i Rana og Egersund, der B-gruppene scorar høvesvis 94,28 % og 79,33 %. -A-endingar synest derimot å vere mykje meir i bruk på dei fleste områda (tabell 2). Informantane frå Stavanger er dei einaste som skil seg ut her, og produserer -a-endingar mykje sjeldnare. Dette gjeld særleg B-gruppa, som òg produserer aller færrest ubundne artiklar, slik at bortfallet av grammatisk hokjønns ser ut til å ha gått lengre her enn nokon av dei andre områda som er undersøkte.

Det som er interessant å merkje seg, er nettopp det at det er store skilnader på dei ulike stadene som er undersøkte, særleg når det gjeld hokjønnsartikkelen. Resultata indikerer i alle tilfelle at ei endring frå eit tre- til eit tokjønnsystem kan sjå ut til å vere i gang over store delar av landet, og i tillegg at dette ikkje eine og åleine kan karakteriserast som eit storbyfenomen (van Baal, Eik, Solbakken, & Lohndal, under trykking, s. 37). Ved å samanlikne data mellom dei ulike aldersgruppene les forfattarane òg frå resultata at endringsprosessen kan ha starta til ulike tidspunkt og gått føre seg i ulik hastigheit på dei ulike stadane.

2.2.2 Synkretisme, tileigning og tap

I dei norske talemåla er det stor variasjon når det kjem til korleis genus blir realisert. Det er ei kjensgjerning at varietetar med tre genus gjerne har mykje formsamanfall, særleg mellom han- og hokjønns, og særleg når det kjem til ubundne adjektiv ($høg_M - høg_F - høg_N$), demonstrativ ($denne_M - denne_F - dette_N$), kvantorar ($all_M - all_F - alt_N$) og den frittstående bundne artikkelen ($den_M - den_F - det_N$) (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 19). Dette inneber at sjølv om eit talemål har ulike ubundne artiklar for dei tre genusa, kan dei fleste andre ordklasser i praksis vere delte inn i eit tokjønnsystem.

Rodina og Westergaard (2013) fann at norske born gjer ei rekkje feil når dei vel ubundne artiklar som kongruerer med substantivets genus – scoren er 63 og 71 % rett for høvesvis ho- og inkjekjønnsord (Rodina & Westergaard, 2013, s. 56). Borna produserte likevel dei venta bøyingsendingane utan store vanskar. Forfattarane forklarar dette ut ifrå det norske genussystemets låge transparens – i tileigninga av eit slikt system tenderer

⁴ Førebels er berre resultata frå VGS-elevar frå Trondheim og Kristiansand publiserte i detalj, sjå van Baal, Solbakken, Eik og Lohndal (2023).

innlærarar til å overgeneralisere den mest frekvente forma, som i dette tilfellet er grammatisk hankjønn⁵ (Rodina & Westergaard, 2013, s. 61). Som nemnd i 2.1.1 tyder resultatata òg på at born stòr seg på bøyingsmorfologi når dei tileignar seg genussystemet. Ut i frå dette kan vi lese at born som er innlærarar av varietetar med mykje formrikdom, får meir input som dei kan bruke til å tileigne seg genussystemet målspråkslikt.

GenVAC jobbar ut ifrå ein hypotese om at varietetar som skil mellom han- og hokjønn i fleire ulike ord- og bøyingsklasser, og difor er meir formrike, kan tenkjast å halde på det grammatiske hokjønn lenger enn varietetar med mykje synkretisme. Tanken er at synkretismen delvis viskar ut den mentale skiljelina mellom han- og hokjønn, noko som gjer det krevjande å både tileigne seg og oppretthalde eit robust tregenussystem (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 19). Talemålsområdet eg undersøkjer i denne oppgåva, Søre Sunnmøre, har tradisjonelt stor formrikdom med mange distinksjonar som skil ut hokjønn som ein eigen kategori. Som nemnt i innleiinga gjer dette dialekta særleg interessant å undersøke i lys av hypotesane til GenVAC. I neste delkapittel vil eg difor gjere greie for kva faktorar forskarane i GenVAC har vektlagt i utveljinga av dialektar, samt gjere greie for korleis talemålsområdet eg undersøkjer plasserer seg i lys av dette.

2.3 Stadutval hos GenVAC og i denne oppgåva

Forskarane i GenVAC-prosjektet har teke omsyn til to hovudfaktorar når dei har valt ut stader å gjennomføre undersøkingane sine: grad av kompleksitet i genusmorfologien, og storleik på staden (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 22). «Storleik» blir i den samanhengen brukt som ein proxy for ei rekkje eigenskapar, som grad av kontakt med omverda, urbanitet, og statusen til talemålet (van Baal, Eik, Solbakken, & Lohndal, under trykking, s. 12). Kompleksitetsnivå i genusmorfologien er relevant for å granske om tap av feminint genus er knytt til formsamanfall. Denne språkstrukturelle dimensjonen vert sett i samanheng med sosiolingvistiske tilhøve for å undersøkje viktigheita av og samspelet mellom desse i språkendringsprosessen. Følgjande tre hypotesar blir testa:

1. Kompleks genusbøying har ein konserverande effekt mot tap av trekjønnsystemet.
2. Endringane startar i større byar, og spreier seg deretter til mindre stader (sentrumshopping).
3. Endringsmønsteret kan forklarast av samspelet mellom morfologiske og sosiolingvistiske faktorar.

(van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 23)

For å isolere faktorane *morfologisk kompleksitet* og *storleik* tek dei føre seg talemålsområde med ulike kombinasjonar av desse karakteristikkane. Det vil seie at dei kan jamføre funn frå stader som er samanliknbare med tanke på storleik og urbanitet, men som har ulik morfologi, og hin vegen, ulike stader med lik morfologi. Kvar stad som er undersøkt høyrer difor til ein av fire typar, som kvar ber med seg forventningar om kor gjennomført genussamanfallet er:

⁵ Hankjønn er som nemnd rekna for å vere standardverdien for tildeling av genus, eit syn resultatata frå Urek, Lohndal og Westergaard (2022, s. 23) støttar sterkt opp om.

	+ STOR	- STOR
+ KOMPLEKS MORF.	Type 1	Type 2
- KOMPLEKS MORF	Type 3	Type 4

Tabell 3: matrise over kombinasjonen av morfologisk kompleksitet og storleik

Basert på hypotesane presentert ovanfor er stader av type 3 venta å ha kome lengst i overgangen til tokjønnsystemet, og dei av type 2 er venta å ha kome kortast. Om stader av type 1 eller 4 har kome lengst, kjem an på kva for ein av faktorane som viser seg å ha mest påverknad i endringsprosessen (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 24).

2.3.1 Søre Sunnmøre som talemålsområde

Informantane mine er henta frå to nabokommuner på Søre Sunnmøre, Volda og Ørsta. Frå Volda har eg henta informantar både frå kommunesenteret og frå Dalsfjord, ein sørvestgåande arm av Voldsfjorden. Dalsfjord var eigen kommune mellom 1924 og 1964, og hadde i 2015 742 busette (Thorsnæs, 2021). Volda og Ørsta hadde i 2023 høvesvis 10 809 og 10 833 busette (Haugen & de Amoriza, 2023; Thorsnæs, 2023). Desse folketala tilseier at stadane er definerte som små ifølgje GenVAC-prosjektet. Eg kjem sjølv frå Dalsfjord, og har difor gode føresetnader for å nytte eigen introspeksjon som verktøy i arbeidet med eit prosjekt som tek føre seg dette. Enno viktigare er det at området som nemnd er av vitskapleg interesse, på bakgrunn av genusmorfologien i talemålet og målforma i kommunane.

Vidare i dette kapittelet vil eg presentere nokre sentrale aspekt ved genusmorfologien i talemålet på Søre Sunnmøre, samt den offisielle målforma (nynorsk) i kommunane eg har henta informantar ifrå. Dette oversynet vil vise at dialekta tradisjonelt har eit rikt formverk som kan knytast til genuskategorien. Ikkje alle trekka eg nemner, vil bli testa i eksperimenta eg har nytta, som blir presenterte seinare i oppgåva. Målet er difor ikkje å gje ei uttømmende skildring av alle aspekt ved genusmorfologien i denne dialekta, men snarare å gje eit inntrykk av kva slags talemålsområde det er snakk om. Det må takast atterhald om at desse storleikane kan sjå annleis ut for enkelte talarar, eller for somme kanskje ikkje er kjende i det heile teke.

Genusmorfologi på Søre Sunnmøre

Ei synkron skildring av talemålet på eit gitt geografisk område vil alltid måtte lene seg på generaliseringar og forenklingar. Eit sentralt spørsmål er difor kva slags tilhøve som ligg til grunn for mi skildring av denne dialekta, og kva for ei utgåve av den som bør reknast som den «eigentlege». I eit sosiolingvistisk perspektiv finst det sjølv sagt ikkje noko slikt som ei «eigentleg» dialekt eller ein «perfekt» informant, ettersom det alltid vil finnast variasjon. Likevel er det slik at språktrekk gjerne har eit tydeleg historisk nærvær på enkelte stader. Dei morfologiske vurderingane gjort i dette delkapittelet, er i fyrste omgang baserte på min eigen intuisjon, som talar av dialekta på Søre Sunnmøre, med atterhald om dei metodiske svakheitene dette fører med seg (sjå 3.5). Intuisjonen vil bli supplert av tilgjengeleg litteratur om dialektgrammatikk og norsk geografisk språkvariasjon. Desse kjeldene omtalar Sunnmøre som ei større eining, men i ei streng forstand vil eg halde meg til å legge fram

informasjonen i dette delkapittelet som gjeldande for Søre Sunnmøre spesifikt, sidan intuisjonane mine ikkje kan seie noko om resten av Sunnmøre.

I førre delkapittel presenterte eg nokre vurderingar som låg til grunn for stadutvalet undersøkt i GenVAC-prosjektet, og kvifor morfologisk kompleksitet er eit relevant moment. For å gjere eit slikt utval er ein fyrst nøydd til å etablere eit mål på kva som utgjer ein kompleks genusmorfologi, då særleg med omsyn til formmessige skilnader på han- og hokjønn. Van Baal, Solbakken, Eik, og Lohndal (2023) nemner i den samanhengen seks trekk som ofte skil ut hokjønn som eigen kategori i norske dialekter. I tabell 4 nedanfor har eg ført opp desse seks, samt fem bonus-trekk som er relevante for sunnmørsdialekta. Celler som inneheld trekk som utan tvil er til stades i dialekta, er skuggelagde i mørkegrønt. Celler med trekk som tradisjonelt har vore til stades, men som den noverande utbreiinga av er diskutabel, er skuggelagde i lysare grønt. Celler som inneheld trekk som, så vidt meg bekjent, ikkje er dokumenterte som del av dialekta, er skuggelagde i lysegrått.

Trekk som skil ut hokjønn som eigen kategori	Døme frå sunnmørsdialekta	
	M	F
1. Eigen ubunden artikkel	en	ei
2. Eige bunde suffiks	gute(n)	brua
3. Linne hokjønnsord ender på -a	-	-
4. Eigne fleirtalsformer for hokjønn	guta, gutane	jente, jentene
5. Eiga bøyning for linne adjektiv	-	-
6. Kløyvd hokjønnsbøyning	-	brua; jentå
Bonustrekk		
7. Determinativ	eigen	eiga
8. Possessiv	min	mi
9. Genusdistinksjon i dativ	bila, skoga	fjorinje, hyttinje
10. Somme adjektiv i ubunden form	svolten, galen	svolta, gala
11. Sterke partisippformer	båten e komen	ferjå e koma
12. Kvantoren <i>nokon</i>	noken	noka

Tabell 4: trekk som skil ut hokjønn som eigen kategori i sunnmørsdialekta

Kløyvd hokjønnsbøyning er tradisjonelt sett karakteristisk for heile Sunnmøre, men det er uvisst kor robust dette trekket er blant unge språkbrukarar i dag (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 96). Frå 1990-talet og utover har ein mellom anna sett tendensar til at dialekter på ytste Sunnmøre tek i bruk same systemet som i Ålesund og i fjordamålet, med -a-ending i udelt hokjønn (*hyttå* blir til *hytta*) (Berg, Bugge, Røynealand, & Sandøy, 2018, s. 221). Dativbruken på Sunnmøre er òg på vikande front (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 96). Likevel veit eg frå eigen oppvekst i området at i alle fall nokre framleis har dette som produktiv bøyingskategori for substantiv. Det som kan slåast fast med sikkerheit, er at alle trekka i denne tabellen har vore – og i alle fall i noka grad framleis er – del av dialekta på Søre Sunnmøre. Kløyvd hokjønnsbøyning på Sunnmøre er omtala av Aasen (1924, s. 18); Kolsrud (1974, s. 44); Mæhlum og Røynealand (2006, s. 196). Partisippformer er omtala av Sandøy (1990, s. 67).

Dativ er omtala av Skjekkeland (1997, s. 230). Basert på morfologi og storleik fell difor alle tre stadane eg har henta informantar ifrå, inn under type 2 i tabell 3, altså typen som i alle tilfelle er venta å ha kome kortast i overgangen frå tre- til tokjønnsystemet.

Skriftspråkdimensjonen

I samspelet mellom ulike faktorar som kan tenkjast å verke inn på denne utviklinga, er også skriftspråk relevant: «Vi forventer at kontakt spiller en sentral rolle, forstått som kontakt mellom ulike dialekter, «standardtalemål» og det dominante skriftspråket (bokmål)» (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 23). Ein ekstra dimensjon ved Volda og Ørsta som fokusområde er difor at dei i største grad må definerast som nynorskkommunar. Nynorsk har tre kjønn,⁶ medan bokmål i alle tilfelle tillèt å berre bruke to. Dersom innflyting frå bokmål av den grunn blir antatt å medverke til bortfallet av hokjønn, er det grunn til å spekulere i om innflyting frå nynorsk kan ha motsett effekt. Dette spørsmålet har vorte undersøkt svært lite fram til no – blant dei åtte områda som er dekte i GenVAC-prosjektet, er Voss einaste nynorskkommunen (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 29).

Både Volda og Ørsta er del av det sunnmørske kjerneområdet for nynorsk, som vil seie at nynorsken er den samfunnsberande målforma, både historisk og i dag (Flaten & Vollan, 2021, ss. 80-81). Aasentunet – sjølvne fødestaden til nynorsken sin primogenitor – ligg i Hovden i Ørsta kommune, rett ved den noverande kommunegrensa til Volda. Volda har òg historisk sett ein rik nynorsk skriftspråkkultur, der mellom anna prenteverk og høgskule kan nemnast som drivande faktorar. Dersom skriftspråket har noko å seie i den moglege utviklinga mot eit tokjønnsystem, og nynorsk skulle tenkjast å ha ei konserverande effekt på hokjønnet, er det difor ikkje urimeleg å vente at det er akkurat her vi skulle sjå størst effekt av dette.

⁶ Enkelte substantiv har valfritt kjønn, men trekjønnsdistinksjonen er likevel opprettheldt, sidan dette berre gjeld eit utval ord.

3 Metode

I dette kapitlet vil eg skildre og grunngje metodane eg har teke i bruk for å svare på forskingsspørsmåla mine, samt utvalet av deltakarar og språkleg testmateriale. Eg vil leggje fram ein detaljert gjennomgang av korleis eksperimenta gjekk føre seg, og forankre metodevala i teori. I den samanhengen vil eg òg nemne nærskylde metodar som mine er vidareutvikla ifrå. Til slutt vil eg gjere greie for korleis metodikken min passar inn i ulike forståingar av kvalitativ og kvantitativ humanvitskapleg forskning, før eg drøftar nokre metodiske atterhald som er viktig å ha i mente når ein tolkar resultata.

3.1 Deltakarutval

For å få innsyn i bruken av hokjønn blant unge personar i Volda og Ørsta kommunar, rekrutterte eg 10 informantar som oppfylte utvalde krav for alder, oppvekststad og hovudmålform. Informantgruppa er såleis både eit kvoteutval og eit komfortutval (Dörnyei & Csizér, 2012, s. 81).

Informantkode	Alder	Geografisk opphav	Gjennomført metode 1	Gjennomført metode 2
J1	17	Volda	✓	✓
J2	17	Volda	✓	✓
J3	14	Dalsfjord	✓	✗
J4	17	Volda	✓	✓
J5	17	Volda	✓	✓
G1	18	Ørsta	✓	✗
G2	18	Ørsta	✓	✗
G3	15	Dalsfjord	✓	✓
G4	16	Dalsfjord	✓	✓
G5	17	Volda	✓	✓

Tabell 5: oversyn over informantar

Av dei 10 informantane er tre frå Dalsfjord, fem frå Volda og to frå Ørsta. Fem er jenter og fem er gutar, og som synleg i tabell 5 har dei fått informantkoder som startar med anten J eller G, i tråd med kjønnnet deira. Tala viser til rekkjefølgja dei gjennomførte elisiteringseksperimentet. Aldersspennet går frå 14 til 18 år. Fem av informantane, dei frå Ørsta og Dalsfjord, er personar frå mitt eige nettverk, som eg sjølv kontakta. Dei fem frå Volda fekk eg kontakt med gjennom ein lærar på Volda VGS. Desse fem er alle like gamle. Alle informantane har på noverande tidspunkt og gjennom heile utdanningsløpet hatt nynorsk som hovudmål, noko eg ser på som viktig for å sikre at dei både har vorte eksponerte for og brukt nynorsk i tilstrekkeleg grad til at eg kan trekkje inn skriftspråkspåverknad som drøftingsmoment i kapittel 5. Alle oppgjer òg at dei oppfattar si eiga dialekt som representativ for området dei vaks opp. I tillegg til dei 10 informantane rekrutterte eg ein dalsfjording på 56 år, frå eige nettverk, som fungerer som kontrollperson. Same karakteristikkar gjeld for denne som for

informantgruppa – einaste skilnaden er alder. Alle vart løna med eit gåvekort på 100 kroner for deltakinga i prosjektet.

Informantgruppa mi er mindre enn dei GenVAC har nytta (eg har 10 informantar, medan dei hadde 20 per gruppe). Årsaka til dette er at eg kombinerer to ulike metodar som inneber eit stort transkripsjons- og systematiseringsarbeid, og det å inkludere fleire informantar hadde difor falle utanfor omfanget til oppgåva. Eg såg på det som mest tenleg at denne gruppa var gjort opp av ungdomar, sidan det var her eg mistenkte å finne mest variasjon. Sidan dei fleste var 16 år eller eldre, var det òg enklare å sikre etisk innsamling av personopplysningar, sidan desse ifølgje retningslinjene til SIKT kan samtykke på vegne av seg sjølve, og eg difor berre var nøydd til å innhente samtykke frå føresette ved eit par høve. Vidare vurderte eg det som mest tenleg å heller ha ei litt større ungdomsgruppe på 10 personar, enn éi lita ungdomsgruppe og éi lita vaksengruppe, for å skaffe eit utval som er stort nok til å kunne sjå nokre mønster og tendensar – sjølv om gruppa uansett er for lita til å trekkje store, generelle slutningar om språksituasjonen i området. Som eit kontrolltiltak rekrutterte eg likevel éin eldre kontrollperson, for å ha eitt referansepunkt utanfor ungdomsgruppa.

3.2 Metodar for datainnsamling

For å samle inn data har eg teke i bruk to ulike metodar. Alle informantane gjennomførte eit *elisiteringseksperiment* (metode 1), og ei delmengd av desse gjorde òg ei gruppeoppgåve, som eg, delvis i tråd med Eik, Hårstad og Opsahl (under vurdering), vel å referere til som *byggeklossoppgåva* (metode 2). Kontrollpersonen gjorde berre elisiteringseksperimentet. Gjennom elisiteringseksperimentet samla eg inn empiri som fortel kva slags ubundne artiklar, bundne determinativ og bundne suffiks (bøyingsendingar) informantane nyttar i samanheng med substantiv i eintal. Gjennom byggeklossoppgåva (metode 2), samla eg inn metalingvistisk materiale, i form av taleoptak av informantane som arbeider i grupper med oppgåva. Sitat henta frå desse taleoptaka vil bli nytta til å underbygge analysen av og diskusjonen rundt den språklege produksjonen deira, hausta inn frå elisiteringseksperimentet.

Begge desse metodane er utvikla av forskarar i GenVAC-prosjektet, og det var såleis nærliggande for meg å nytte dei same metodane – både fordi dei har vist seg å fungere godt til sitt formål, og for å sørgje for eit best mogleg samanlikningsgrunnlag mellom prosjekta (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 32). Eg har likevel designa egne versjonar av eksperimenta, tilpassa informant- og ordutvalet for mitt prosjekt – for det meste vil dette seie at ordutvalet ser annleis ut enn GenVAC sitt, fordi eg òg har eit forskingsspørsmål som skil seg frå deira, knytt til den gruppevise analysen av typar hokjønnsord. Eg piloterte begge metodane hausten 2023 ved hjelp av vener, og naudsynlege justeringar vart gjort. I tillegg til dei to eksperimenta har alle informantane fylt ut eit skjema der dei gjev informasjon om mellom anna eigen og føresette sin språklege bakgrunn, føresette sin utdannings- og yrkesbakgrunn, fødsels-, oppvekst-, og noverande bustad, og annan informasjon som kan vere relevant for forskinga. Denne informasjonen vert ikkje tematisert vidare i oppgåva, men berre brukt for å sikre at informantane møtte vilkåra for deltaking.

All datahandsaming knytt til prosjektet er godkjend og regulert av SIKT – Kunnskapssektorens tenesteleverandør. Deltakinga var friviljug, og eg henta skriftleg og informert samtykke frå alle informantane, som dei kunne trekkje tilbake når som helst⁷. Personopplysingane vart lagra i skya, og sikra gjennom fortløpande anonymisering, samt avgrensa og fleirfaktorautentisert tilgang. Lydopptaka vart tekne med Nettskjema (UiO) sin diktafon-app, som krypterer opptaka på mobiltelefonen, og garanterer at data ikkje blir tilgjengelege for ein tredjepart (Bergsaker, 2021; UiO, 2023).

3.2.1 Metode 1 – elisert produksjon

Metode 1 er eit eksperiment designa for å elisitere produksjon av ubundne artiklar (ein, ei, eit), bundne determinativ (den, det) og bundne suffiks (-en, -et, -a, -å) som opptrer i samanheng med substantiv, inkludert tradisjonelle hokjønnsord i den aktuelle dialekta. Metoden er som nemnt modellert etter eit av eksperimenta utvikla og teke i bruk av forskarar i GenVAC-prosjektet, som igjen er vidareutvikla mellom anna basert på metoden i Rodina og Westergaard (2015) (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 31). Eg har i mitt prosjekt freista å attskape denne prosedyren så nøyaktig som mogleg⁸. Eksperimentet gjekk føre seg med ein og ein informant i eit stille rom, saman med meg som forskar. Den språklege produksjonen vart fanga på lydopptak. Nedanfor følgjer ei skildring av gjennomføringa.

Informanten sit ved eit bord og blir vist ein PowerPoint-presentasjon på ein dataskjerm, der lysbileta viser to (nærast identiske) objekt med ulik farge, til dømes eit gult og eit raudt skjerf (sjå figur 1). Informanten skal så skildre kva han ser på skjermen, med den omtrentlege formuleringa “eg ser eit gult skjerf og eit raudt skjerf”. Så, ved hjelp av ein animasjon i dataprogrammet, forsvinn det eine elementet, og informanten skal skildre kva som hende, med den omtrentlege formuleringa “no forsvann det gule skjerfet” (sjå figur 2). Den samla språkproduksjonen knytt til kvart lysbilde vil såleis innehalde to ubundne artiklar, eitt determinativ, og eitt bunde suffiks, i tillegg til adjektivet som modifiserer det aktuelle substantivet. Det er totalt 36 lysbilete, og fire av desse er øvingsord som eg inkluderte for å sikre at informantane var inneforståtte med kva slags formuleringar dei skulle nytte. Alle øvingsorda var inkjekjønnsord, for å hindre ein potensiell påverknad eller «priming»-effekt frå øvingsorda til han- og hokjønnsformene i sjølv eksperimentet, som er det mest interessante for denne oppgåva. Før den verkelege datainnsamlinga byrja demonstrerte eg prosedyren ved hjelp av desse, og informantane fekk høve til å prøve seg nokre gongar sjølv. Lysbileta var på førehand randomiserte, men same rekkefølga vart nytta i alle gjennomføringane. Alle illustrasjonar brukt i dette eksperimentet er opphavsrettsfrie og henta frå nettsida www.freepik.com.

⁷ Informantar på 16 år eller eldre samtykka på vegne av seg sjølv, og føresette samtykka på vegne av resten. Sjå vedlegg 1 for samtykkeskriv.

⁸ Metoden er òg skildra i kapittel 4.1 i van Baal, Solbakken, Eik og Lohndal (2023).



Figur 1: skjermdump av eit lysbilete før animasjon



Figur 2: skjermdump av eit lysbilete etter animasjon

Produksjonen er systematisert i eit Excel-dokument, der eg har gitt kvar informant maks to poeng per lysbilete for artiklar, og maks eitt poeng for bøyingsendingar. Det vil seie at viss ein informant seier «eg ser **eit** gult skjerf og **ei** oransje skjerf – no forsvann det oransje skjer**et**» får han 1 poeng for artiklar og 1 for suffiks, sidan han nytta forventa nøytrumsartikkel berre éin gong, og i det andre tilfellet nytta hokjønnsartikkel. Suffiksa i denne dialekta kan òg realiserast på litt ulike vis. Til dømes er det vanleg å realisere det bundne eintalsuffixet som i skrift blir gjengjeve som *-en*, både med og utan redusert vokal – [ˈkɑt:n] eller [ˈkɑt:ən] (katten) – og heilt utan endingskonsonant, berre med trykklett vokal [ɪ] eller [e]⁹. Alle desse er telt som *-en*. Ulike realiseringar av suffiksa som står til inkje- og hokjønnsord er likeins talde som *-et* og *-a*. Kløyvd hokjønnsbøyning inneber dømes til at det bundne suffikset for linne hokjønnsord er *-å*- heller enn *-a*-, men baa desse er talde som *-a*, og når eg i resten av oppgåva nemner *-a-endingar*, må dette tolkast som eit samleomgrep for *hokjønnsendingar*.

3.2.2 Metode 2 – byggeklossoppgåve

Metode 2 er ei gruppeoppgåve som går ut på at deltakarane samarbeider om å bygge setningar ved hjelp av laminerte kort som syner ulike ordformer. Også denne metoden er modellert etter eitt av eksperimenta frå

⁹ Alle desse realiseringane er uttrykk for hankjønn.

GenVAC-prosjektet, og framgangsmåten er skildra i Eik, Hårstad og Opsahl (under vurdering). Eit av føremåla er å dokumentere elisitert produksjon i ein annan sosial kontekst enn det metode 1 legg til rette for. I tillegg er det interessant å sjå kva slags konkrete setningar gruppene bygger med korta. Eit anna føremål er å få tilgang til metalingvistiske refleksjonar kring vala deltakarane tek i møte med ulike språklege variablar, og kva den språklege intuisjonen deira seier om ulike konstruksjonar som eg presenterer for dei. Datamaterialet som er hausta inn, er difor gjort opp av både dei ferdige setningane som deltakarane vart samde om, og diskusjonen som oppstod mellom dei og meg i prosessen.

Denne øvinga vart gjennomført etter elisiteringseksperimentet. Tre ulike grupper gjennomførte oppgåva, gjort opp av 7 av dei totalt 10 informantane:

Gruppenummer	Stadstilhøyrse	Deltakarar
1	Volda	J1, J2
2	Dalsfjord	G3, G4
3	Volda	G5, J4, J5

Tabell 6: oversyn over grupper i byggeklossoppgåva

Gruppene vart danna etter kva som var praktisk enklast å gjennomføre med omsyn til informantane sin lokasjon på tidspunktet eg samla inn data. Dette innebar – utilsikta, men på tenleg vis – at gruppelemmane som samarbeida, kjende kvarandre frå før, og truleg kunne prate meir uhemma saman enn om dette var fyrste gongen dei møtte kvarandre. Informantane frå Ørsta hadde ikkje høve til å stille. Gruppe 2 og 3 gjennomførte oppgåva på Volda VGS i skuletida, medan gruppe 1 gjennomførte oppgåva etter skuletid heime hos ein av deltakarane. Alle gruppene gjorde øvinga to gongar, med to ulike bunkar med kort, frå no av referert til som setning 1 og setning 2. Nedanfor skildrar eg gjennomføringa av metoden.

Deltakarane sit på same sida av eit bord, og får delt ut ein bunke med laminerte kort med språkleg materiale på kvar side. Nokre kort er like på både sider, nokre er ulike, og nokre kort og sider inneheld berre morfem, som bøyingsendingar (A eller EN). Nokre av korta kan òg nyttast til ulike føremål, til dømes kan EN nyttast som både ubunden artikkel og bunde suffiks. Mange av substantiva er difor berre ført opp som stomnar, slik at deltakarane må leggje til endinga sjølv.¹⁰ Dei fleste av substantiva på korta er tradisjonelle hokjønnsord (3.3.2 utdjupar dette). Eg demonstrerer fyrst korleis korta kan nyttast, før deltakarane blir bedne om å saman bygge ei setning med korta, og konstruere ho “slik dei ville ha sagt det munnleg”. Deltakarane blir òg bedne om å gjere setninga så lang som mogleg, altså nytte så mange av korta som dei greier. Dette oppfordrar dei til å danne meir komplekse frasar, og vala dei tek i utforminga av setninga, vil kunne gje innsikt i preferansane deira for ulike typar ord som kongruerer med substantiva. Når deltakarane har diskutert seg fram til ei setning dei kan vere einige om, går eg inn og manipulerer korta, slik at til dømes EN DIAGNOSE blir til EI DIAGNOSE, og spør kva dei tykkjer om setninga slik ho står no, og om dei kunne ha sagt det på den måten sjølv. Samtalane vart

¹⁰ Eit oversyn over ordmaterialet kjem i neste delkapittel (figurar 9, 19, 11).

dokumenterte med lydopptakar og transkriberte i ELAN, med ein tilnærma lik stil som vart nytta i Eik, Hårstad og Opsahl (under vurdering) – som igjen er vidareutvikla frå konvensjonar frå LIA-korpuset (Hagen, Håberg, Olsen, & Søfteland, 2018).¹¹

3.3 Utval av språkleg testmateriale

I dei neste delkapittela vil eg gjere greie for korleis eg gjekk fram for å velje ut hokjønnsord til begge eksperimenta i prosjektet mitt. Dette knyter seg særleg til forskingsspørsmål 4: «I kva grad oppfører ulike grupper av hokjønnsord seg einskapleg i produksjonen til informantane?». Denne dialekta har som nemnd ein del tradisjonelle hokjønnsord, som både er normerte som hankjønn i nynorsk, og som er det i dei fleste andre dialekter, og denne gruppa av ord er det interessant å undersøkje stoda til. I tillegg ynskte eg å få innsikt i om faktorar som linnheit og sterkheit kan vere pådrivarar eller motverkande krefter når ord blir konfronterte med eit eventuelt bortfall av hokjønn, og meir generelt kor viktig nynorsk normpåverknad er for utviklinga av genussystemet.

På bakgrunn av desse tilhøva har eg danna eitt utval av testord til elisiteringseksperimentet, og eit anna til byggeklossoppgåva, tilpassa moglegheitene og avgrensingane dei to metodane inneber. I utvalsprosessen til begge metodane tok eg utgangspunkt i eigne intuisjonar, og plukka ut eit knippe ord som eg sjølv har ei klar formeinng om at er hokjønn, men som eg mistenker at somme gongar blir tildelte hankjønn av ungdomar i dag. Deretter forhørte eg meg med eldre kjenningar i området som stadfesta at orda er hokjønn for dei, før dette vart meir formelt underbygd av den 56 år gamle kontrollpersonen eg rekrutterte saman med resten av informantane.

3.3.1 Metode 1

Ved utveljinga av ordmateriale til elisiteringseksperimentet tok eg omsyn til to faktorar. For det fyrste ynskte eg å take i bruk enkelte ord som allereie har blitt undersøkte i GenVAC-prosjektet, for å lettare kunne samanlikne funna mine med deira. For det andre sytte eg for å inkludere eit mangfald av typar hokjønnsord. Eg har difor inkludert linne og sterke ord; ord som er normerte som både ho- og hankjønn i nynorsk; og både ord som ifølgje tidlegare forskning synest å ha relativt stabilt genus, og ord som er meir vaklande eller av andre grunnar er interessante å studere. Eg har delt orda inn i to grupper, *konvensjonelle* og *kuriøse* ord (tabell 7). I denne inndelinga ligg det implisitt at eg ventar å finne ein skilnad mellom statistikken for dei to kategoriane, der dei konvensjonelle er venta å bli tildelt hokjønn i større grad enn dei kuriøse. Blant dei kuriøse orda finn ein mellom anna *drone*, som er interessant fordi det nyleg er lånt inn frå det genusfrie¹² engelske språket, og *dronning*, som, likeins med andre -ing-ord, gjerne får -ar-ending i fleirtal på både i nynorsk og i den sunnmørske dialekta, og slik sett morfologisk har noko til felles med hankjønnsord (Aasen, 1924, s. 19).

¹¹ Utdrag frå transkripsjon av byggeklossoppgåva finn du i vedlegg 3, og transkripsjonsguide i vedlegg 2.

¹² Engelsk har genusdistinksjon berre i personlege og possessive pronomen med menneskeleg referent.

Auge skil seg frå dei andre orda ved at eg mistenker at det aukande grad blir tildelt inkjekjønn, i tråd med normert bokmål og nynorsk, i staden for hokjønn som hos eldre talarar. Overgangen til inkjekjønn er del av ein eigen diskusjon, som ikkje er omfatta av fokuspunktet til dette prosjektet, men som likevel kan tenkjast å vere underlagt nokre av dei same kreftene. 7 av 8 kuriøse ord er ikkje hokjønn i nynorsk, og ingen av orda brukte i eksperimentet har valfritt kjønn (Hovdenak et al, 2006).

Vidare kan ein nemne at ei særleg avgrensing ved denne metoden, som jo baserer seg på visuelle framstillingar av substantiv, er at ord med abstrakt meiningsinnhald eller ord som på andre vis er vanskelege å avbilde utan mykje tvtydigheit, naudsynlegvis blir utelukka frå materialet. Difor denoterer alle orda brukte i dette eksperimentet konkrete objekt som er kjende for nær sagt alle, og som det var mogleg å finne opphavsrettsfrie bilete av på Internett. Linne hokjønnsord er uthava i feit skrift i tabellen, og hokjønnsord som er normerte annleis i nynorsk, er markerte med (m.) eller (n.).

f. konv. (8)	f. kur. (8)	m. (8)	n. (8)	øvingsord:
Klokke	Auge (n.)	Penn	Hus	Bord
Krone	Drone (m.)	Måne	Eple	Handkle
Kake	Hjerne (m.)	Katt	Egg	Skjerf
Flaske	Heis (m.)	Hund	Tog	Fly
Tann	Appelsin (m.)	Benk	Flagg	
Bok	Familie (m.)	Sopp	Basseng	
Bru	Kanin (m.)	Stol	Tre	
Saks	Dronning	Sko	Lys	

Tabell 7: oversyn over ordutval frå elisiteringseksperimentet

Ein kan setje opp desse hokjønnsorda i ei matrise, som kombinerer eigenskapane linn/sterk og hokjønn/ikkje hokjønn i nynorsk:

	+ STERKT	- STERKT
- HOKJØNN I NYN.	<p>Type 1</p> <p>Heis, appelsin, familie, kanin</p>	<p>Type 2</p> <p>Auge, drone, hjerne</p>
+ HOKJØNN I NYN.	<p>Type 3</p> <p>Dronning, tann, bok, bru, saks</p>	<p>Type 4</p> <p>Klokke, krone, kake, flaske</p>

Tabell 8: matrise over ulike typar hokjønnsord

Som nemnt ventar eg å kunne observere ein skilnad mellom dei konvensjonelle og dei kuriøse orda, men eg har ingen vidare forventingar eller hypotesar knytt til den meir detaljerte inndelinga i typar. Eg vil i kapittel 4 analysere orda gruppevis, og sjå om det openberrar seg noko tydeleg mønster knytt til dei fire typane.

3.3.2 Metode 2

Byggeklossoppgåva legg til rette for at også ord med eit meir abstrakt meiningsinnhold kan bli behandla, ettersom denne oppgåva baserer seg på skriftleg stimuli, og dette la eg vekt på å utnytte. Ordet *familie* er av særleg interesse for meg, fordi eg sjølv har lagt merkje til at fleire sunnmøringar nyttar -en-ending på det i bunden form eintal, sjølv om dei framleis seier *ei familie*. Det inkluderte eg difor her så vel som i elisiteringseksperimentet. Ord som *diagnose*, *metode* og *historie* er interessante av same grunn – alle desse er valde ut fordi eg sjølv har registrert varierende bruk av artiklar og suffiks saman med orda, og difor mistenkte at dei ville invitere til interessante diskusjonar i gruppene. Vidare inkluderte eg eit par hankjønnsord for å kunne teste kor vidt deltakarane hadde ein klar intuisjon på kva slags ord som *ikkje* kan tildelast hokjønns, som gjev vidare innsikt i genussystemet deira.

Eg la òg til rette for at deltakarane kunne nyttiggjere seg morfologiske trekk som kunne tenkjast å vere særleg markerte, og difor ha eit visst indeksikalsk potensiale. I den aktuelle dialekta har som nemnd linne og sterke hokjønnsord ulik morfologi – linne får tradisjonelt -å-ending, og sterke får -a-ending – og stimulusmaterialet mogleggjer bruken av båe desse. Av same grunn vart til dømes ordstammen SVOLT inkludert saman med -a- og -en-endingar, for å opne for ulike typar adjektivisk bøying. Adjektiv er ikkje ein del av forskingsspørsmålet mitt, men er likevel interessante å dokumentere, samtidig som det kan tenkjast å kamuflere dei hovudsaklege intensjonane bak eksperimentet.

I ordmaterialet streva eg etter å ha ein stor andel formsamanfall mellom talemål og skriftnorm. Utvalet er difor for det meste gjort opp av nynorske former som samstundes er sannsynlege skriftleggjingar av same leksem på dialekta. Det vil seie at nynorske ordformer som ligg langt ifrå talemålet, vart unngått, og det same gjeld lokale ord og uttrykk som ikkje er normerte. Enkelte ord er likevel skrivne i ei talemålsnær form heller enn på nynorsk, til dømes LISJE framfor VETLE eller LITTLE. Tanken bak dette var å unngå at mykje diskusjon mellom deltakarane skulle gå med til å problematisere tilhøve som er irrelevante for prosjektet mitt. Tabellane 9, 10 og 11 nedanfor syner alle dei moglege ordformene som deltakarane hadde å velje mellom. Der kortet såg likt ut på båe sider, er dette ordet ført opp for seg sjølv, og der sidene var ulike, er formene førte opp med skråstrek imellom seg. Tabell 11 syner utvalet av supplerande ordformer, som eg tilbød informantane dersom dei tykte at dei mangla noko for å byggje ei tilfredsstillande setning.

HELSESYSTER	SVOLT	EN/A	BRUKTE
METOD	EN/EI	FOR Å	EI
DIAGNOSE/ØYR	SETTE/UNDERSØK	ET/A	DEN/DINNA
PÅ/FOR	ELEV	EN/Å	TVILSAM/TVILSAME

Tabell 9: språkleg materiale i setning 1 i byggeklossoppgåva

FAMILI	SAMLA	EN/A	SEG
FORTELJE/HØYRE	HISTORI	SOM	EN/A
FOR	Å	DEN/DINNE	LISJE/STORE
FRÅ	GAMLE	DAGA	R/A

Tabell 10: språkleg materiale i setning 2 i byggeklossoppgåva

Å	A/ENE	EN/ENE	ER
DEN/DINNA	DEN/DINNE	ET	ANE/ENE
ANE/ENE	Å	A/EN	GRØN/GRØNE
ALLE	EINE	STOR	E/A

Tabell 11: supplerande språkleg materiale i byggeklossoppgåva

3.4 Teoretisk-metodiske koplingar

I det følgjande vil eg fyrst grunngje valet av metodane mine, samt gje litt historisk kontekst til dei, ved å presentere nokre nærskylde metodar som tidlegare har vore tekne i bruk innan ulike greiner av språkvitskapen. Deretter vil eg gjere greie for korleis metodane mine passar inn i eit rammeverk for kvalitativ og kvantitativ humanvitskapeleg forskning, og korleis metodane fyller kvarandre ut på ein tenleg måte for dette prosjektet.

3.4.1 Inngangar til produksjonsstudiar

Sidan hovudføremålet med denne oppgåva er å undersøkje munnleg språkbruk, kunne ein naturleg inngang til arbeidet ha vore å nytta talekorpus, der ei omfangsrik elektronisk samling av språkleg produksjon blir studert frå eit kvantitativt perspektiv (Gillioz & Zufferey, 2021, s. 59). Slike metodar har mange fordelar – mellom anna speglar korpusdata gjerne betre dei naturlege forholda som språkbruken førekjem i, i motsetnad til ein klinisk, eksperimentell setting, der ein forskar er til stades (Gillioz & Zufferey, 2021, s. 59). Ein annan fordel er sjølve omfanget av korpusa, som lèt ein studere større kvanta av taleopptak frå fleire informantar enn det ein eksperimentell situasjon tillèt.

I mitt prosjekt er det likevel fleire grunnar til å nytte eksperimentelle metodar. Ein nokså openberr grunn er at det per i dag ikkje *finst* noko oppdatert talekorpus frå Søre Sunnmøre. Ein annan er at eit eksperimentelt design legg til rette for at ein kan teste variablar på ein mykje meir kontrollert og effektiv måte enn viss ein til dømes skulle ha nytta korpusdata for å forske på same fenomenet.

Dette er særleg relevant for elisiteringseksperimentet, som nyttiggjer seg det Gillioz og Zufferey (2021, s. 67) kallar ein *constrained elicitation task*. I eit slikt design oppmuntrar ein informantane til å produsere ein spesifikk konstruksjon, utan fyrst å gje døme på strukturen saman med variabelen ein freistar å teste. Slik høver metoden godt til å kartleggje diffusjonen av språklege trekk i ei gitt del av befolkninga, og seinare jamføre resultat frå ulike grupper. Mitt elisiteringseksperiment lener seg på bruken av bilete, som informantane blir oppmuntra til å skildre med eigne ord. Eit klassisk døme på ein liknande framgangsmåte er *wug*-testen, der eit bilete av ein skapning referert til som ein *wug*, vart vist til born (Berko, 1958, omtala i Gillioz & Zufferey, 2021, s. 67). Oppgåva til borna var å fortelje kva det heiter når enno ein *wug* vart introdusert («There are two of them. There are two...»). Resultatet var at dei fleste borna mellom fire og sju år produserte fleirtalsforma *wugs*, utan å ha høyrte ordet før (Gillioz & Zufferey, 2021). Designet nytta i elisiteringseksperimentet har òg ein del til felles med spørjelistemetoden, som har vore flittig brukt i dialektgeografiske kartleggingsarbeid, mellom anna Georg Wenker og Johan Storm sine dialektatlas over Tyskland og Noreg på 1800-talet, der talarar frå ulike språksamfunn vart bedne om å gjere greie for korleis dei hadde sagt eller skrive ord frå ei førehandsdefinert liste (Sollid, 2003, ss. 92-93). Ein skilnad mellom spørjelistemetoden og metoden min, er likevel at eg ikkje direkte spør informantane «korleis ville du ha sagt dette», men let dei skildre bilete utan eksplisitt påkalling av metaspråkleg refleksjon.

I byggeklossoppgåva er derimot ein god del av målsetjinga å få tilgang til *rapportert* språkbruk og metalingvistiske refleksjonar, i tillegg til produsert tale. Dette opnar opp for ein jamførande forskingsmodus, som både er interessant av metodologiske og empiriske årsaker. Dersom ein informant gjennomgåande nyttar *ei* i elisiteringseksperimentet, er det til dømes interessant å finne ut om han likevel aksepterer *en* i byggeklossoppgåva. Deltakarane blir òg oppfordra til å verbalisere haldningane sine om normvariasjon, noko som kan gje innblikk i enkelte varietetar og variantar sitt sosiale tydingspotensiale. Dette er relevant for å vurdere kor vidt resultatane mine kan sjåast i samanheng med sosiolingvistiske forklaringsmodellar for språkleg endring (Eik, Hårstad, & Opsahl, under vurdering, s. 2). Byggeklossoppgåva inneber i tillegg ein type akseptabilitetsvurderingar, i det at deltakarane blir tvungne til å respondere på eit testmateriale som er utvalt på førehand (Eik, Hårstad, & Opsahl, under vurdering). Metoden kviler såleis på den språklege *intuisjonen* til informantane, altså ein beinveges reaksjon på ein språkleg stimulus (Sollid, 2003, s. 96). Den ontologiske statusen til slike akseptabilitets- eller grammatikalitetsvurderingar er mykje omdiskutert, og eg vil ikkje vie plass til å gripe an denne debatten her.¹³

Metoden i byggeklossoppgåva er òg nærskyld med *think-aloud-protocols* – sjå Woll (2018) og Leow (1997) – som mellom anna har blitt brukt i andrespråksforskning for å undersøkje rolla medvit spelar i språklæring (Eik, Hårstad og Opsahl, under vurdering). I mitt prosjekt er slike høggttenkingsprotokollar nyttige for å undersøkje korleis ulike uttrykk for språkleg medvit reflekterer mekanismar som kan forklare individuelle handlingsmønster, og på neste nivå, språkleg endring i eit makroperspektiv. Desse observasjonane blir difor i

¹³ Sjå til dømes Sollid (2003) for ein diskusjon kring dette.

kapittel 4 og 5 sett i samanheng med innsamla data på individ- og gruppenivå, samt brukte til å skissere ei mogleg forklaring på det synkrone biletet av den sunnmørske språkrøynda.

I sum kan ein seie at avgrensa elisiteringsoppgåver (som metode 1) er strukturbundne reiskapar, med førehandsdefinerte målsetjingar og få svaralternativ, og der alle informantane blir utsette for den same stimulusen. Datamaterialet det gjev, er difor enkelt å handsame kvantitativt i etterkant, og høver difor godt til slike dialektgeografiske kartleggingsarbeid som denne oppgåva er eit døme på (Sollid, 2003, s. 94). Byggeklossoppgåva er mindre strukturbunden, men rommar fleire dimensjonar ved språk – både rapportert og produsert. Ein kombinasjon av dei to vil difor vere av interesse for å få eit så godt og dekkande bilete av studieobjektet som ei oppgåve av dette omfanget rommar.

3.4.2 Kvantitative versus kvalitative tilnærmingar

Kvalitative og kvantitative tilnærmingar til språkvitskapleg forskning har tradisjonelt vorte delt inn i binære og gjensidig utelukkande kategoriar (Nunan, 1992, s. 3). Denne skiljelina kan problematiserast. Når det kjem til spørsmålet om kva for eit paradigme prosjektet mitt fell inn under, må ein skilje mellom metodikken sine bestanddelar, og prosjektet i sin heilskap.

Elisiteringsmetoden kan seiast å høyre heime i det analytisk-nomologiske paradigmat, slik det er omtala i Nunan (1992, s. 4). Dette er kjenneteikna av at empiri blir samla inn gjennom eksperimentelle metodar, og gjev kvantitative data som blir handsama gjennom statistisk analyse (Nunan, 1992, s. 4). Bruken av omgrepet “kvantitative data” i denne skildringa tek utgangspunkt i ein definisjon som ikkje vektlegg talet på informantar som er engasjerte i prosjektet, men på kva måte resultatata bør bli organiserte og analyserte. Sjølv om eg ikkje inkluderer fleire enn 10 informantar, er ordutvalet såpass omfangsrikt (32 substantiv blir undersøkte) at når ein multipliserer variablane informantar, spørsmål og svar, blir den endelege datamengda av ein storleik som krev visualisering i form av tabellar, diagram og presentar.

I rekkja av adjektiv Nunan (1992) nyttar for å skildre kvalitativ forskning, finn ein mellom anna *discovery-oriented* og *exploratory* (Nunan, 1992, s. 4). Byggeklossoppgåva synest å passe godt inn i ei slik skildring. Prosedyren er til ei viss grad systematisk (enkelte haldepunkt var felles for alle gjennomføringane), men samstundes prosessorientert og utforskande: oppfølgingsspørsmål vart delvis til undervegs på grunnlag av retninga diskusjonen tok, og eg enda difor opp med å intervernere på litt ulike vis i alle dei ulike gjennomføringane av oppgåva. Byggeklossoppgåva kan difor seiast å høyre til det eksplorativt-tolkande paradigmat. I byggeklossoppgåva er ikkje fokuset på éin avhengig variabel. I staden er empirien gjort opp av eksplisitte val og refleksjonar kring språkbruk, som supplerer funna frå elisiteringsmetoden. Denne empirien let seg vanskeleg representere i form av numeriske verdiar, og må difor analyserast tolkande.

Desse to metodane vil i kombinasjon plassere prosjektet mitt i det eksperimentelt-kvalitativt-tolkande paradigmat, igjen omtala i Nunan (1992, s. 4). Dette er eitt av seks “blanda” paradigme som kombinerer dei tre variablane eksperimentell/ikkje-eksperimentell; kvantitativ/kvalitativ; analytisk/tolkande. Etter gjennomføring av begge metodane sat eg att med to komplementære datasett, som mogleggjer diskusjon frå ulike innfallsvinklar. Som avklart innleiingsvis er prosjektet mitt først og fremst av ein deskriptiv natur, og hovudmålet er å kartlegge korleis bruken av grammatisk hokjønn ser ut blant denne gruppa med unge språkbrukarar. Eg ynskjer likevel å i noka grad få innsikt i språkleg åtferd frå eit insider-perspektiv, og då høver denne kombinasjonen av metodar godt.

3.5 Metodiske atterhald

Det største atterhaldet som må takast i samband med elisiteringseksperimentet, er at situasjonen kan opplevast som unaturleg eller formell for deltakarane (Gillioz & Zufferey, 2021, s. 71). Dette kan innebere at produksjonen deira ser annleis ut enn den ville ha gjort i ein «naturleg» kontekst – sjølv om skiljelinja mellom *naturleg* og *kunstig* i seg sjølv er enkel å problematisere i eit sosiolingvistisk perspektiv. Den eine er ikkje naudsynlegvis meir ekte enn den andre, men dersom målet til dømes er å reint kvantitativt finne ut kor ofte ei form er i bruk blant ei gruppe talarar, er det ikkje rimeleg å anta at produksjonsdata frå dette eksperimentet nøyaktig speglar kor ofte forma opptre i daglegspråket til informantgruppa. Eit anna atterhald for tolkingane av data frå denne metoden, er det relativt låge talet på informantar. Det er ikkje mogleg å generalisere desse funna til større delar av befolkninga i det aktuelle området. Dette er heller ikkje ei målsetjing ved oppgåva mi, og difor avgrensar eg meg til å omtale funna mine som gjeldande for nettopp den gruppa talarar eg har studert.

I byggeklossoppgåva er eg fyrst og fremst ute etter *språkbruk* og refleksjonar kring den – ikkje skriftspråk eller refleksjonar kring det. Dette er potensielt problematisk, når stimulusmaterialet er skriftleg. Implisitt kunnskap er den som morsmålstalarar sjølv ikkje er klar over; det ein gjerne omtalar som ein *ryggmargsrefleks* (Cornips & Poletto, 2005, s. 4). Eksplisitt kunnskap kjem gjerne i form av formelt innlært kunnskap om «riktig språk» – i ein norsk samanheng gjerne *skriftspråk* – som ein gjennom skulegang har fått eit medvite forhold til (Cornips & Poletto, 2005, s. 4). Byggeklossoppgåva grip an ein metalingvistisk diskurs, som sannsynleggjer at tilgjengeleg kunnskap om til dømes rettskrivingnormer kan verke inn på informantane sine utsegn, sjølv om temaet for oppgåva er talt språk. Slik dette eksperimentet er utforma, er det altså ikkje mogleg å vite korleis samspelet mellom den implisitte og eksplisitte kunnskapen til informantane verkar inn på resultatata, noko som er viktig å ha i mente.

Sidan denne oppgåva òg blir gjennomført i grupper, kan ymse sosialpsykologiske mekanismar verke inn på åtferda til informantane. Det kan til dømes vere slik at ein informant som opplever å vere i mindretal angående ei vurdering, ikkje vel å seie ifrå om dette. Eg presiserte i instruksjonen at usemje er av interesse, og at det er viktig at ein gjev lyd frå seg dersom eins eigen intuisjon ser ut til å vere i konflikt med konsensus, men det er likevel umogleg å vere viss på at dei handlar i tråd med denne instruksjonen. Eit mogleg utfall av dette kan difor vere at gruppene framstår meir homogene enn det dei eigentleg er. Dette kan likevel vere interessant i seg sjølv,

ettersom språkbruk går føre seg i gruppedynamikkar også utanfor byggeklossoppgåva. Det viktige er å ikkje tolke informantane sine uttrykte vurderingar som eit ope vindauge inn i den språklege kompetansen deira, og å vere klar over at det alltid vil vere mykje informasjon som aldri kjem til overflata.

Når det kjem til utveljinga av språkleg testmateriale, som i stor grad er basert på «tradisjonelle hokjønnsord», kan ein òg peike på nokre naudsynlege atterhald. Kor vidt eit ord tradisjonelt har vorte tildelt hokjønn i denne dialekta, er i seg sjølv ei umogleg evaluering, i og med at ordet «tradisjonelt» er noko upresist. Som nemnd har mange ord frå gamalnorsk tid av skifta genus både ein og to gongar, og med omsyn til myriaden av synkron variasjon som eksisterer på alle språksteg, inneber ei slik vurdering å avgrense seg til eit arbitrært historisk tidspunkt og ei arbitrær gruppe talarar. Sidan prosjektet mitt er av synkron art, har eg difor valt å leggje vekt på ord som eg sjølv har ein svært tydeleg intuisjon på at er hokjønn, men som eg registrerer at yngre språkbrukarar rundt meg tildeler hankjønn. I utvalsprosessen forhøyrt eg meg med eldre kjenningar i området som stadfesta at desse er hokjønn for dei, før dette vart meir formelt underbygd av den 56 år gamle kontrollpersonen eg rekrutterte saman med resten av informantane. Om ein skal stad- og tidfeste desse intuisjonane, er dei difor nokså einstemmig karakteristiske for ei gruppe dalsfjordingar føydde mellom 1940 og 1999, som anten er meg, eller kjenner meg. I den grad dette prosjektet har ein diakron dimensjon, kan ein difor seie at det kjem til uttrykk i måten eg analyserer data i *tilsynelatande tid*, ved å samanlikne ulike aldersgrupper på same tidspunktet (Labov, 1972, s. 275). Gruppene er då representantar for kvar sine språksteg.

Når det kjem til kontrolltiltak som er gjort for å supplere min eigen intuisjon med omsyn til det å velje ut tradisjonelle hokjønnsord, har eg som nemnt engasjert éin informant som fungerer som kontrollperson. Dersom dette talet hadde vore høgare, hadde eg med større vissheit kunne slå fast at orda eg har velt ut verkeleg er «tradisjonelle hokjønnsord» i denne dialekta, for andre enn berre meg og kontrollpersonen. Eg kunne difor med fordel ha engasjert fleire slike, men av praktiske omsyn lét det seg ikkje gjere.

Til slutt vil eg nemne at mykje nyanse går tapt i transkriberingsprosessen, sidan eg har velt ein nokså minimal stil – trykk og intonasjon har til dømes ikkje vore naudsynt eller praktisk gjennomførleg for meg å markere. Eg har forsøkt så godt det let seg gjere å markere ulike typar affektert stemmebruk (sjå vedlegg 2 for transkripsjonsguide), men det er likevel vanskeleg å oppfatte når ein informant har teke i bruk eit verkemiddel som kan vere av sosiolingvistisk relevans, og enno vanskelegare å avgjere kva meininga med bruken eventuelt er. Difor blir transkriberinga uansett ei forenkling av den reelle kommunikative situasjonen.

4 Resultat og analyse


4.1 Metode 1 – elisitert produksjon

I dette kapitlet vil eg legge fram resultatata frå metode 1, med særleg fokus på produksjonen av ubundne artiklar og bundne suffiks knytt til tradisjonelle hokjønnord.

4.1.1 Ubundne artiklar


Han- og inkjekjønnord

Når det gjeld han- og inkjekjønnord var den samla språklege produksjonen til informantgruppa A i tråd med det eg venta, og i tråd med produksjonen til kontrollpersonen B, som alle låg på 100 %. Artikkelen *en*¹⁴ for hankjønn vart produsert ved til saman 157/157 høve, og artikkelen *et* for inkjekjønn vart produsert ved 160/160 høve, altså er dekninga 100 % for begge gruppene av ord. Når det gjeld hankjønnorda hende det ved eitt høve at ein informant nytta eit anna ord enn det illustrasjonen skulle førestille (*kattunge* for *katt*, to poeng mista), og ved eit anna at éin av artiklane knytt til eit ord vart utelate i produksjonen deira («en gul måne og blå måne», eitt poeng mista). Ettersom det då manglar data knytt til desse tre høva, er dei ekskluderte frå prosentutrekninga. Figurane nedanfor syner oversikt over resultatata frå både informantgruppa (lilla søyler) og kontrollpersonen (blågrøne søyler).



Figur 3: produserte ubundne hankjønnartiklar en per ord blant informantar og kontrollperson

¹⁴ Realiseringar som [er], vart òg nytta, men som nemnd er alle talde som *en*.



Figur 4: produserte ubundne inkjekjønnsartiklar et per ord blant informantar og kontrollperson

Sidan produksjonen her var som venta, og forskingsspørsmåla mine fyrst og fremst rettar seg mot hokjønnsord, vil eg ikkje ha mykje å seie om han- og inkjekjønnsord vidare i denne oppgåva. Resultata i Figur X og Y indikerer likevel at testen fungerte etter hensikta.

Hokjønnsord


Kontrollpersonen B scora 100 % også på alle hokjønnsorda, som vil seie at han i alle tilfelle brukte genusmarkeringa eg forventa utifrå forarbeidet (del 3.3), men når det gjeld informantgruppa A, er resultatet meir sprikande. Her ser vi ein skilnad mellom konvensjonelle og kuriøse hokjønnsord, der fyrstnemnde gruppa synest å bli tildelt hokjønnsord noko meir gjennomført enn sistnemnde. Dei konvensjonelle hokjønnsorda *tann*, *kake*, *drone* og *heis* scora høgst, på 90 %. I hin enden finn vi ord eg har klassifisert som kuriøse, som *auge*, *familie*, *appelsin* og *kanin*, som ligg mellom 20 % og 55 %. *Auge* vart altså nytta saman med hokjønnsartiklar i berre 20 % av tilfella, og inkjekjønnsord i resten.

Kategori	Ord	Total	n "ei"	% "ei"
Konvensjonelle hokjønnsord	tann	20	18	90,00 %
	kake	20	18	90,00 %
	klokke	20	17	85,00 %
	saks	20	16	80,00 %
	flaske	20	16	80,00 %
	bok	20	16	80,00 %
	bru	20	16	80,00 %
	krone	20	16	80,00 %
Kuriøse hokjønnsord	heis (m.)	20	18	90,00 %


	drone (m.)	20	18	90,00 %
	hjerne (m.)	20	17	85,00 %
	dronning	18	14	77,78 %
	kanin (m.)	20	11	55,00 %
	appelsin (m.)	20	10	50,00 %
	familie (m.)	20	8	40,00 %
	auge (n.)	20	4	20,00 %

Tabell 12: oversyn over produserte ubundne hokjønnsartiklar ei per ord

Om vi jamfører data frå informantgruppa med dei frå kontrollpersonen, ser vi tydeleg at hokjønnsord har meir vaklande genus hos informantgruppa enn han- og inkjekjønnsorda:



Figur 5: produserte ubundne hokjønnsartiklar ei per ord blant informantar og kontrollperson, konvensjonelle hokjønnsord



Figur 6: produserte ubundne hokjønnsartiklar ei per ord blant informantar og kontrollperson, kuriøse hokjønnsord

4.1.2 Bundne suffiks

Han- og inkjekjønnsord

Når det gjeld bundne suffiks, ser datamaterialet likt ut for han- og inkjekjønnsord som dei ubundne artiklane: den venta endinga vart produsert ved 80/80 høve i begge kategoriane, av både informantgruppa A og kontrollpersonen B, og dekninga er såleis 100 % for alle orda. Det er ingenting verdtt å merkje seg anna enn at orda synest å vere stabile med omsyn til bøyingsmorfologi i bunden form eintal. Hokjønnsorda skil seg derimot meir ut, som vi skal sjå nedanfor.


Hokjønnsord

Også når det gjeld bundne suffiks skil produksjonen til informantgruppa A seg frå kontrollperson B, og også her ser vi ein skilnad mellom dei konvensjonelle og dei kuriøse orda. *Familie*, *appelsin*, og *auge* stikk seg framleis ut som mest vaklande, medan *kanin* her gjennomgåande fekk a-ending i 100 % av tilfella, noko som er interessant, ettersom ein kanskje skulle trudd at dette ordet gjekk hand i hand med *appelsin*, med omsyn til formlikskapen dei imellom. *Tann*, som var eitt av berre fire ord som scora så høgt som 90 % for ubundne artiklar, er her det einaste konvensjonelle ordet som ikkje scora 100 %. *Auge* har framleis lågast score, på 30 %, men *familie* har teke det att og scorar òg 30 %. I kapittel 5 vil eg diskutere orda *auge* og *familie* meir inngående.


Kategori	Ord	Total	n "-a"	% "-a"
Konvensjonelle hokjønnsord	<i>bok</i>	10	10	100,00 %
	<i>bru</i>	10	10	100,00 %
	<i>krone</i>	10	10	100,00 %

	kake	10	10	100,00 %
	saks	10	10	100,00 %
	flaske	10	10	100,00 %
	klokke	10	10	100,00 %
	tann	10	9	90,00 %
Kuriøse hokjønnsord	dronning	9	9	100,00 %
	kanin (m.)	10	10	100,00 %
	heis (m.)	10	10	100,00 %
	drone (m.)	10	10	100,00 %
	hjerne (m.)	9	9	100,00 %
	appelsin (m.)	10	7	70,00 %
	auge (n.)	10	3	30,00 %
	familie (m.)	10	3	30,00 %

Tabell 13: oversyn over produserte -a-endingar per ord




Figur 7: produserte -a-endingar per ord blant informantar og kontrollperson, konvensjonelle hokjønnsord



Figur 8: produserte -a-endingar per ord blant informantar og kontrollperson, kuriøse hokjønnsord

4.1.3 Samla analyse av bundne og ubundne hokjønnsord


Her ifrå og utover vil figurane vise tilhøvet mellom artklar og suffiks, i høvesvis lilla og svart. Den samla produksjonen av venta artklar og suffiks knytt til ho-, han- og inkjekjønnsord ser slik ut hos informantgruppa A:



Figur 9: ubundne artklar og bundne suffiks

Informantane nytta framleis hokjønnsartikkelen *ei* i dei fleste tilfella – 73,27 % – men klårt sjeldnare enn dei nytta dei venta artiklane for han- og inkjekjønnsorda, som fekk full utteljing. På 88,61 % ser vi at informantane produserte noko fleire av dei venta hokjønnsuffiksa enn av dei ubundne hokjønnsartiklane.


Blant dei kuriøse hokjønnsorda var det meir variasjon enn blant dei konvensjonelle. Det er større skilnad frå ord til ord når det gjeld produksjon av venta artiklar og suffiks, og det er vanskelegare å identifisere eit gjennomgåande mønster når det kjem til proporsjonaliteten mellom dei to. *Familie* får mellom anna oftare hokjønnsartikkel enn -a-ending (som er i tråd med det eg mistenkte angående dette ordet, sjå 3.3.1):



Figur 10: tilhøvet mellom artiklar og suffiks, kuriøse hokjønnsord

Inndeling etter geografisk tilhørslse

Dersom vi isolerer data for hokjønnsorda frå informantgruppe A etter geografisk tilhørslse på informantane, kjem det fram enno ein kontrast:




Figur 11: ubundne artiklar og bundne suffiks til hokjønnsord, etter geografisk opphav

Samanlagt er snittverdien for produksjon av venta artiklar og suffiks saman med hokjønnsord lågare for informantane frå Volda enn for dei frå Ørsta og Dalsfjord, medan skilnaden mellom dei to sistnemnde gruppene er marginal. Her er det verdt å merke seg at ikkje alle gruppene er like store og slik sett ikkje heilt samanliknbare. Det er likevel interessant at informantane frå Ørsta produserer hokjønnsartiklar til tradisjonelle hokjønnsord noko hyppigare enn dei frå Dalsfjord, og dei frå Dalsfjord produserer -a-endingar noko hyppigare enn dei frå Ørsta, men skilnaden er marginal, og dei to gruppene latar alt i alt til å ha nokså like preferansar. Interessant nok ser dei frå Ørsta òg ut til å produsere hokjønnsartiklar noko hyppigare enn dei gjer -a-endingar: 93 % produksjon for artiklar versus 91 % for suffiks, men igjen er denne skilnaden marginal, og kan skuldast tilfeldigheter. Den lågaste prosenten i diagrammet viser informantane frå Volda sin produksjon av ubundne artiklar, og den høgaste prosenten viser dei frå Dalsfjord sin produksjon av bundne suffiks.

Inndeling på individnivå

Vi ser òg ein del interessante mønster når vi undersøker dataa på individnivå:



Figur 12: ubundne artiklar (rosa, lilla, blå) og bundne suffiks (svart) på individnivå

G5 scora 0 % for ubundne artiklar, og nytta altså ikkje hokjønnsartikkelen *ei* i samband med nokon av dei tradisjonelle hokjønnsorda frå elisiteringseksperimentet, og skil seg slik skarpt frå resten av informantgruppe A. Han scora òg lågast av alle informantane for bundne suffiks, der han nytta *-a*-ending med hokjønnsord i 75 % av høva. G5 kan difor karakteriserast som ein utliggar, og dersom vi ekskluderer resultatane hans frå utrekninga hoppar den samla produksjonen av ubundne artiklar frå Volda-gruppa frå 67,00 % til 83,75 %¹⁵.

G4 scora 100 % for både artiklar og suffiks, og produksjonen hans er dermed identisk med kontrollpersonen sin, som einaste av 10 informantar. J3 og G2 er interessante fordi dei produserer hokjønnsartiklar og *-a*-endingar nøyaktig like ofte: J3 scora 94 % i begge kategoriane, og G2 scora 88 %. Det er altså G1 som er ansvarleg for at dei samanlagte resultatane frå Ørsta-gruppa ser ut som dei gjer: han scorar høgare for artiklar enn suffiks. Det gjer òg J5 frå Volda, som scora 100 % for ubundne artiklar, medan produksjonen hennar av *-a*-endingar ligg på 88 %.


I sum kan vi altså identifisere éin informant som gjennomført nyttar *en* saman med tradisjonelle hokjønnsord, og to som gjennomført nyttar *ei*. Dei resterande 7 informantane ligg ein stad i mellom. Til samanlikning var det ingen variasjon i produksjonen ved han- og inkjekjønnsord. Det er òg interessant at to informantar nyttar *a*-endingar oftare enn dei gjer hokjønnsartikkelen, og tre nyttar dei like ofte. Det er med andre ord berre halvparten av informantane som nyttar *ei* oftare enn dei gjer *-a*-ending. Desse resultatane skil seg nokså skarpt frå anna norsk forskning på feltet, der produksjonen av *-a*-ending har vist seg å vere meir stabil enn *ei* – dette vil eg diskutere i neste kapittel.

Til slutt vil eg presentere resultatane for hokjønnsorda etter dei fire typene etablert i 3.3.1:

¹⁵ Eg vil framleis inkludere dataa til denne informanten i resten av dataanalysen i oppgåva, sidan han oppfyller alle kriteriane for å vere med, og difor med rette må reknast som ein like naturleg del av denne gruppa språkbrukarar som dei andre.

	+ STERKT	- STERKT
- HOKJØNN I NYN.	Type 1 Heis, appelsin, familie, kanin	Type 2 Auge, drone, hjerne
+ HOKJØNN I NYN.	Type 3 Dronning, tann, bok, bru, saks	Type 4 Klokke, krone, kake, flaske

Tabell 14: matrise over ulike typar hokjønnsord



Figur 13: ubundne artiklar og bundne suffiks etter type hokjønnsord

Ut i frå figur 13 kan det sjå ut til at type 1 og 2 oppfører seg nokså likt, og type 3 og 4 gjer det same. Orduvalet er relativt lite, og det er vanskeleg å seie om skilnadane som er avdekte, kan skuldast tilfeldigeheiter. Det tydelegaste mønsteret som openberrar seg, er likevel at ord som er normerte til hokjønn i nynorsk (type 3 og 4), oftare blir brukte saman med *ei* og *-a*-ending. Type 4, altså linne ord som er normerte til hokjønn i nynorsk, er den einaste gruppa som får full score for bundne suffiks – sjølv om type 3 ligg rett bak. Jamt over scorar dei linne orda (type 2 og 4) òg marginalt høgare enn dei sterke i same kategori, men denne skilnaden er så liten at det er svært vanskeleg å slå fast noko med sikkerheit angående det. Alt i alt kan det førebels sjå ut til at det er nynorskfaktoren som har mest påverknad på resultatata.

4.2 Metode 2 - byggeklossoppgåve

Datamaterialet som eg henta inn gjennom byggeklossoppgåva, kjem som nemnd i form av transkriberte taleopptak av informantane som bygger setningar saman ved hjelp av laminerte kort (sjå 3.4.2 for ordutval). Dei

måtte velje kva sider av korta dei ville nytte, og verte samde om ei setning, som ein grupped medlem til slutt vart beden om å lese opp høgt. Datasettet er difor gjort opp av både setningane som grupped medlemmane vart samde om, val dei tok undervegs, og refleksjonar og påstandar dei kom med kring desse vala. I dette delkapittelet vil eg fyrst presentere dei konkrete setningane som gruppene kom fram til, og kva slags former hokjønnsorda opptredde i. I kapittel 4.2.2 vil eg skrive ein samla informantprofil for alle som gjennomførte begge metodane, der eg samanfattar vala dei har teke, og jamfører funn frå elisiteringseksperimentet og byggeklossoppgåva. Desse framstillingane vil eg så nytte i kapittel 5, når eg diskuterer funna mine i lys av tidlegare forskning. Her vil eg og trekkje fram enkeltord som stikk seg ut som interessante, og difor fortener ein eigen analyse.

Byggeklossoppgåva viste seg også å bringe fram mange interessante datatypar som det ikkje er rom for å løfte fram vidare her, ettersom dei ikkje har direkte tilknytning til forskingsspørsmåla mine, og går utanfor omfanget til denne oppgåva. Her avgrensar eg meg difor til funn som handlar om språklege val og vurderingar av akseptabilitet eller velformaheit knytt til hokjønnsformer. I kapittel 4.1 og 4.2.1 under teiknar det seg også nokre geografiske skilnader, og eg vil difor òg trekkje fram eksplisitte utsegn frå informantane knytt til geografisk variasjon. Desse vel eg likevel å presentere først i kapittel 5.2, der eg trekkjer fram nokre sosiolingvistiske forklaringsmodellar på den observerte variasjonen.

4.2.1 Val av hokjønnsformer

I tabell 15 nedanfor har eg fyrst ført opp ein talemålsnær transkripsjon av setningane som kvar gruppe landa på, før ordformene slik dei er skrivne på korta, er førte opp i stor skrift.

Gruppe	Setning 1	Setning 2
1 (Volda) J1, J2	familien samla seg for å høyre gamle historie	dinna helsesystra brukte tvilsame metode for å undersøke eleven på øyra
	FAMILIEN SAMLA SEG FOR Å HØYRE GAMLE HISTORIE	DINNA HELSESYSTEMERA BRUKTE TVILSAMME METODE FOR Å UNDERSØKE ELEVEN PÅ ØYRA
2 (Dalsfjord) G3, G4	dinnje lisje historia samla familiå	dinnja tvilsomme helsesystra brukte diagnoså svolt for å undersøkje eleven
	DINNE LISJE HISTORIA SAMLA FAMILIÅ	DINNA TVILSAMME HELSESYSTEMERA BRUKTE DIAGNOSÅ SVOLT FOR Å UNDERSØKE ELEVEN
3 (Volda) J4, J5, G5	familien fortelle historia frå gamle daga for å samle seg	den tvilsame helsesystra brukte en metode for å sette en diagnose
	FAMILIEN FORTELJE HISTORIA FRÅ GAMLE DAGE FOR Å SAMLE SEG	DEN TVILSAMME HELSESYSTEMERA BRUKTE EN METODE FOR Å SETTE EN DIAGNOSE

Tabell 15: oversyn over gruppene sine setningsval

I tabell 16 nedanfor er kvart hokjønnsord ført opp i den forma som opptredde i setningane. Celler som inneheld feminin morfologi og artiklar eller -a-endingar, er skuggelagde med rosa, og celler som inneheld maskulin morfologi og artiklar eller -en-endingar, er skuggelagde med blå.

Gruppe	Ord					
	Familie	Historie	Helsesystemer	Metode	Diagnose	Øyre
1 (Volda) J1, J2	Familien	Historie.PL	Helsesystemera	Metode.PL		Øyra
2 (Dalsfjord) G3, G4	Familiå	Historiå	Helsesystemera		Diagnoså	
3 (Volda) J4, J5, G5	Familien	Historia.PL	Helsesystemera	En metode	En diagnose	

Tabell 16: oversyn over hokjønnsord i gruppene sine setningsval

Når ein jamfører vala til dei tre gruppene, er det nokre mønster som openberrar seg. For det fyrste skil gruppe 3 frå Volda seg ut med lite bruk av hokjønn – dei valde ingen hokjønnsartiklar til nokon av dei ubundne orda, og *familien*, det einaste ordet som vart nytta i bunden form, fekk -en-ending. Gruppe 1 frå Dalsfjord skil seg ut i motsett retning, og nytta gjennomgåande -a-endingar på alle orda (dei valde å berre nytte bunden form). Desse tendensane er i tråd med resultatata frå den elisiterte produksjonen, der Volda-informantane nytta mindre hokjønn enn dei hine to gruppene. Det skal likevel nemnast at gruppe 1 òg nytta temmeleg mykje hokjønn, med -en-endinga på *familie* som einaste maskuline innslag.

I tabellane over kjem det òg til syne at Dalsfjord-gruppa nytta -å-ending på alle dei linne orda. Sidan ingen andre grupper nytta linne ord i bunden form eintal, hadde dei ikkje høve til å demonstrere kva dei ville ha valt av -a og -å.¹⁶ I tillegg valde gruppe 1 og 3 frå Volda å nytte den ubundne fleirtalsforma av *historie*. Med maskulin bøyning, som gruppe 1 nytta, er denne forma isomorf med den bundne hokjønnsforma i eintal. Gruppe 1 nytta òg den ubundne fleirtalsforma av *metode*, men med hokjønnsbøyning, som er isomorf med den ubundne eintalsforma av ordet.

4.2.2 Jamføring av resultat frå metodane

Nedanfor vil eg samanfatte den språklege åtferda til dei informantane som deltok i begge metodane i dette prosjektet. Eg vil i den samanhengen trekkje fram scoren deira for hokjønnsartiklar og -a-endingar i

¹⁶ Eg har teke omsyn til denne distinksjonen ved transkriberinga av den elisiterte produksjonen, og dette materialet viser at berre G4 frå Dalsfjord nytta -å-ending gjennomgåande i elisiteringa.

elisiteringseksperimentet, samt relevante funn frå byggeklossoppgåva. Her vil eg igjen presisere at termen *-a-endingar* omfattar både dei moglege realiseringane; både -a og -å er talde som -a, og er altså hokjønnsendingar. Eg vil òg trekkje fram kva slags former dei nytta saman med ordet *familie* i elisiteringseksperimentet, og jamføre det med korleis dei handsama det same ordet i byggeklossoppgåva, sidan dette ordet var med i testmaterialet for begge metodane.

Til slutt vil eg vurdere i kva grad den språklege åtferda deira på tvers av dei to situasjonane samsvarar. Dette er eit interessant spørsmål, fordi det seier noko om korleis testane truleg rettar seg inn mot ulike delar av språkkunnskapen. Medan den elisiterte produksjonen frå metode 1 freistar å gje innsikt i implisitt kunnskap, påkallar metode 2 i større grad metaspråkleg refleksjon, som gjerne er gjort opp av umedvitne haldningar, samt det eksplisitt innlærte, og difor kan karakteriserast som *rapportert* språkbruk (Cornips & Poletto, 2005, s. 4). Som peika på i Eik, Hårstad og Opsahl (under vurdering), er det interessant å sjå korleis tilskriven mening heng saman med bruk, og kan setjast i samanheng med endringsprosessar over tid – produksjon og persepsjon kan til dømes bli påverka i ulik grad og ulikt tempo (Eik, Hårstad, & Opsahl, under vurdering). Som vi skal sjå, er det noko skilnad mellom resultatata frå dei to oppgåvene, noko som understrekar verdien av å kombinere ulike metodar i éin studie.

I tabell 17, 18 og 19 nedanfor syner kursivert tekst produserte ordformer eller fraser, medan utheva tekst syner andre relevante observasjonar angående grammatisk kjønn. Dersom ein informant nytta ulike former av same ordet i løpet av oppgåva, eller på andre vis utviser motstridande åtferd, er dette spesifisert. Fleirtalsformer er markerte med .PL. Ord som har vist seg å vere ukontroversielle – som *helsesystema*, som alle informantar nytta hokjønnsartiklar og -a-endingar saman med i byggeklossoppgåva – er ikkje nemnde. Celler som inneheld feminin morfologi og artiklar eller -a-endingar, er igjen skuggelagde med rosa, og celler som inneheld maskulin morfologi og artiklar eller -en-endingar er skuggelagde med blå. Dersom ei celle har ei blanding av døme frå begge kategoriar, er den skuggelagd i samsvar med den mest dominerande, og døma som står i opposisjon, er utheva i den andre fargen. Skuggeleggingane må ikkje tolkast som ei vurdering av i kva grad informanten høyrer til ein type som har eit robust system for tildeling av grammatisk hokjønn – som nemnd i kapittel 2 er ikkje naudsynlegvis bøyingsmorfologi eit uttrykk for genus, sjølv om dei to har ein samanheng. Skuggelegginga er ganske enkelt ein freistnad på å visualisere frekvensen av former som er assosierte med dei ulike genera.

Gruppe 1:

	Elisiteringseksperiment			Byggeklossoppgåve		Samsvar mellom oppgåvene
	Ubundne artiklar(F)	Bundne suffiks(F)	FAMILIE	Hokjønnsformer (unntatt <i>familie</i>)	FAMILIE	
J1	72 %	88 %	<i>En familie</i> <i>Familien</i>	<i>Ei historie</i> <i>Metoda</i> <i>Ei metode</i>	<i>Ei familie</i> <i>Familien</i> <i>Familia.PL</i>	Noko samsvar

J2	75 %	81 %	<i>En familie</i> <i>Familien</i>	<i>Ei historie</i> <i>Metoda*</i> <i>Ei metode</i> <i>*Godtek òg metoden ved spørsmål om dette.</i>	<i>Ei familie</i> <i>Familien*</i> <i>Familia.PL</i> <i>*Tok fyrst til orde for familia, men trekte det tilbake.</i>	Noko samsvar
-----------	------	------	--------------------------------------	--	---	--------------

Tabell 17: informantprofilar for gruppe 1

Gruppe 2:

	Elisiteringseksperiment			Byggeklossoppgåve		Samsvar mellom oppgåvene
	Ubundne artiklar(F)	Bundne suffiks(F)	<i>FAMILIE</i>	Hokjønnsformer (unntatt <i>familie</i>)	<i>FAMILIE</i>	
G3	81 %	88 %	<i>En familie</i> <i>Familien</i>	<i>Historiå</i> <i>Metodå</i> <i>Ei metode</i> <i>Diagnoså</i>	<i>En familie*</i> <i>*Godtek òg ei familie ved spørsmål om dette.</i>	Noko samsvar
G4	100 %	100 %	<i>Ei familie</i> <i>Familiå</i>	<i>Historiå</i> <i>Metodå</i> <i>Ei metode</i> <i>Diagnoså</i>	<i>Familiå</i>	Totalt samsvar

Tabell 18: informantprofilar for gruppe 2

Gruppe 3:

	Elisiteringseksperiment			Byggeklossoppgåve		Samsvar mellom oppgåvene
	Ubundne artiklar(F)	Bundne suffiks(F)	<i>FAMILIE</i>	Hokjønnsformer (unntatt <i>familie</i>)	<i>FAMILIE</i>	
J4	88 %	94 %	<i>Ei familie</i> <i>Familia</i>	<i>Historia.PL</i> <i>Historien*</i>	<i>Familia</i>	Noko samsvar

				<p><i>En metode*</i></p> <p><i>Metoden</i></p> <p><i>Diagnosen</i></p> <p>*Svarar ved spørsmål at ho føretrekkjer historia i bunden form eintal.</p> <p>*Godtek også ei metode ved spørsmål om dette.</p>		
J5	100 %	88 %	<p><i>En familie</i></p> <p><i>Familien</i></p>	<p>Historia</p> <p>Metoda</p> <p>En diagnose</p> <p>Godtek både ei og en metode og diagnose ved spørsmål om dette.</p>	<i>Familien</i>	Noko samsvar
G5	0 %	75 %	<p><i>En familie</i></p> <p><i>Familien</i></p>	<p><i>Historia.PL</i></p> <p><i>En metode*</i></p> <p><i>Metoden*</i></p> <p><i>Diagnosen</i></p> <p>Historia</p> <p>*Godtek også ei metode og ei diagnose.</p> <p>*Avviser fyrst metoda, men seier så at han nyttar begge (det er uvisst om dette kan vere ei maskulin fleirtalsform).</p>	<i>Familien</i>	Noko samsvar

Tabell 19: informantprofilar for gruppe 3

4.2.3 Informantane sine vurderingar

Gruppe 1 (Volda)

Gruppe 1 er jamt over einige om kva slags former dei føretrekkjer, og som tabell 18 òg syner, var den språklege produksjonen til J1 og J2 nærast identiske under byggeklossoppgåva. Når eg spør dei om dei kunne ha nytta konstruksjonen *ei lita familie*, aksepterer dei den, og seier at dei kunne ha nytta den sjølve (døme 1).¹⁷ Dette er interessant, i og med at dei begge nytta hankjønnartikkel saman med ordet i elisiteringseksperimentet.

Gruppe 1

Int. dinne fyrste delen her no, «ei lita familie», hadde dokke kunna sagt det?
J2 ja
J1 ja

Lingvistisk døme 1

Det ser òg ut til at J1 assosierer -a-endingar meir med ubunden form fleirtal (maskulin bøyning) enn med bunden form eintal, når ho trekkjer fram «fleire familia»:

Gruppe 1

Int. viss ej gjer sånn, «familia», e det nåke dokke kunne ha sagt?
J1 «familia» nei ... eller sånn fleire familia, ej trur kanskje ej kunne ha sagt det

Lingvistisk døme 2

Eit døme på usemje kjem når eg spør dei kva *metode* heiter i bunden form eintal, der J1 føretrekkjer *metoda*, og J2 *metoden*:

Gruppe 1

Int. viss dokke skulle sagt ditte her i bestemt form, ka hadde dokke sagt då? den ...
J1 metoda
J2 ja eventuelt den metoden da
J1 det trukje ej ej hadde sagt
Int. metoda, hadde du sagt? og du hadde sagt ...
J2 den tvilsomme metoden

Lingvistisk døme 3

Variasjonen på gruppe 1 er altså stort sett avgrensa til den vurderte akseptabiliteten til forma *metoden*, slik tabell 18 òg syner.

¹⁷ Det er mogleg at den adjektiviske utfyllinga gjer frasen til eit kalkert diminutivsuttrykk som har blitt dokumentert i Noreg dei siste 10 åra, sjå Fløgstad og Eiesland (2019). Dette kan verke inn på akseptabilitet og bruk.

Gruppe 2 (Dalsfjord)

Gruppe 2 verkar òg nokså homogen – det er lite usemje mellom dei to informantane. Noko som kjenneteikna diskusjonen mellom dei, var at G4 gjerne var fyrst ut med å føreslå løysningar og svare på spørsmål frå meg. G3 verka noko meir tilbakehalden, og heldt seg for det meste til å seie seg einig med G4. Døme 4 nedanfor er henta frå byrjinga av arbeidet med setning 1, der G4 føreslår -a-ending til *historia* – meir spesifikt -å-ending – og G3 seier seg einig:

Gruppe 2

G4 +uklart(so tenke ej) at viss det skal vær nåke med «histori» so e det i alle fall «historiå»
G3 ja

Lingvistisk døme 4

Ut ifrå ytringane deira å dømme er dei to jamt over einige om å nytte -å-endingar på linne hokjønnsord, og -a-ending på dei sterke. Dette er interessant, sidan G3 ikkje nytta nokon -å-endingar i elisiteringstesten. Begge to avviser kontant former som *familien* og *historien*:

Gruppe 2

Int ka med «dinne historien»?
G3 nei det kunne ikkje ej sagt
G4 det verte litt for langt utafor mi komfortsone
G4 det må være nåke +uklart(palatalisering), sånn der ekje det palatalisering det heite? det må vær inni «dinne» og so e det «historiå»
G3 ikkje «-en»

Lingvistisk døme 5

I døme 6 nedanfor spør G4 G3 om han nyttar -a- eller -å-ending saman med familie, og uttrykker samstundes kva han sjølv tykkjer er «rett»:

Gruppe 2

G4 sei du familia eller -å?
G3 ej veit ikkje ej hekje # ja det e -å
G4 det e familiå
G3 ja

Lingvistisk døme 6

G4 kjem òg med eit interessant utsegn når eg spør om dei kunne ha brukt forma *familien* nokon gong:

Gruppe 2

G4 «en familie», det verte litt for fint igjen
G3 ja det e litt feil
Int. trur dokke at dokke kunne ha sagt det av og til eller?
G4 då måtte det ha vore viss ej va attmed nåke austlendinga
Int. viss du møtte kongen?

G4 nei ikkje kongen fordre han e no tross alt kongen so han skulle nå ha måtta haurt det då,
men viss det va nåke austlendinga so ikkje forsto ka en sa, då ha nå ej sagt «en familie»
kanskje

Lingvistisk døme 7

Dømet G4 gjev på når han eventuelt kunne ha nytta *en familie*, og kvifor (å lette forståinga), er interessant, i og med at konstruksjonen *ei familie* sannsynlegvis ikkje er særleg vanskeleg å tyde. Her er det mogleg at det eigentleg er andre krefter som driv G4 til å konvergere med den hypotetiske austlendingen, men at informanten anten ikkje har innsikt i det, eller ikkje gjev uttrykk for denne innsikta. Det er òg uvisst kva som er meint når han seier at kongen «skulle ha måtta høyrte det». Jamt over framstår G4 som svært sikker i vurderingane sine, med uttrykk som «i alle fall» (døme 4), «det verte litt for langt utafør mi komfortsone» (døme 5) og «det e familiå» (døme 6).

Gruppe 3 (Volda)

Gruppe 3 nytta ikkje ordet *metode* i ubunden form eintal i den endelege setninga, men G5 var fort på bana med å føreslå *en metode*, og det var ingen som sa imot han på noko tidspunkt. Alle medlemmane var likevel, ved spørsmål, samde om at *ei* og *en* fungerer like godt som artikkel, både til dette ordet og til *diagnose*:

Gruppe 3

Int. he dokke nåken preferansa for om det skal være «en metode» eller «ei metode»?
G5 «ei metode» høyre rest litt meir fint ut da, høyre rest litt meir ut som det e meir flyt i språket liksom
Int. e du enig eller uenig eller nøytral eller
J5 nøytral
Int. so for dej e det egentlig akkurat samma?
J5 ja

Lingvistisk døme 8

Gruppe 3

Int. viss ej gjer sånn
G5 «sette ei diagnose»
J5 ej syns det funka like bra egentlig
G5 ja egentlig
J4 ja egentlig

Lingvistisk døme 9

Det er interessant at G5 i døme 8 tykkjer at bruken av hokjønnsartikkelen høyre rest «meir fint» ut, og at det skapar «meir flyt i språket», når same informanten ikkje nytta nokon hokjønnsartiklar i elisiteringseksperimentet. J5 stiller seg nøytral til dei to artiklane. Alle dei tre informantane uttrykte generelt likegyldigheit til mange variablar gjennom store delar av oppgåva.

Når det kjem til det bundne suffikset, er gruppa likevel meir delt. G5 og J4 reagerer på bruken av *den metoda*, medan J5 tykkjer det høyre rest betre ut. G5 hevdar rett etterpå at han nyttar både *metoden* og *metoda*, men det

er uvisst her om *metoda* er ei ubunden, hankjønnsbøygde fleirtalsform – som nemnd er denne forma isomorf med den bundne hokjønnforma i eintal:

Gruppe 3

- J4 ja ej sei ikkje det
Int. «den metoda»?
G5 det høyrst litt feil ut
J5 ej syns det høyrst meir naturleg ut... den metoda, man sei jo ikkje «den metoden», gjer dokke?
G5 ej sei «den metoden» og «metoda»
J4 «metoden»

Lingvistisk døme 10

Det er òg noko uvisse knytt til ordet *historie* i bunden form eintal – G5 hevdar at han føretrekkjer *historia*, noko J5 fyrst er ueinig i, men så går med på at ho «sikkert» sjølv hadde sagt:

Gruppe 3

- Int. men ka dokke foretrekke, «historia» eller «historien»?
G5 «historia»
Int. e du ueinig, [J5navn]?
J5 ja, men det går bra
Int. men ka du hadde foretrukke?
J5 eller ej hadde ikkje s– nei ej hadde ikkje sagt «historien», ej hadde sikkert sagt «historia», berre gløym det
Int. trur du det e nåken gonga du kunne sagt «historien»?
J5 ja ej trur ej kan blan– liksom bytte litt på men det e litt vanskelig å seie no

Lingvistisk døme 11

Når det gjeld *familie*, føretrekkjer G5 og J5 -en-ending, og J4 -a-ending:

Gruppe 3

- Int. No he dokke lagt «familien», kunne dokke ha sagt «familia», viss ej gjer sånn?
G5 ej sei jo «familien min», ej sei jo ikkje «familia mi»
J5 ej sei «familia»
Int. ka du sei?
J5 familien min

Lingvistisk døme 12

Det er interessant at G5 har ein tydeleg ryggmargsrefleks som fortel han at *familia* ikkje er ei gangbar form (døme 12), men likevel føretrekkjer *historia* – *historie* og *familie* er trass alt formlike ord, som ein kanskje skulle tru at gjekk hand i hand.

Til slutt vil eg trekkje fram at i likskap med J1 på gruppe 1, ser J4 og G5 her ut til å føretrekkje -a-ending som ubunden fleirtalsbøying, altså den maskuline bøyinga:

Gruppe 3

J4	okey kunne vi sagt dinne setninga? «familien fortelle historia frå gamle daga for å samle sej»
Int.	kunne dokke ha sagt det?
J5	eee ej trur ej hadde sagt «familien fortelle historie frå gamle dage for å samle sej»
G5	ej hadde sagt «familien fortelle historia frå gamle daga for å samle sej»

Lingvistisk døme 13

Oppsummering

Alt i alt kan det sjå ut til at gruppe 1 og 2 er noko meir homogene enn gruppe 3. Det er mykje usemje blant medlemene i gruppe 3,¹⁸ og det er vanskeleg å finne mønster for preferansane til dei einskilde informantane basert på korkje resultatane frå metode 1 eller utsegn dei kjem med i løpet av metode 2. Ord som *familie*, *historie*, *diagnose* og *metode* har vist seg å ha særleg variert eller uføreseieleg åtferd, noko som er interessant, med omsyn til at dei er formlike. G4 frå Dalsfjord står fram som mest sjølvssikker i vurderingane sine, og medlemene i gruppe 3 frå Volda uttrykkjer mykje likegyldigheit, samstundes som dei er ueinige om noko. Informantane synest òg å i varierende grad ha god innsikt i eigen språkbruk – altså er det varierende kor stort spriket er mellom produsert og rapportert tale. Medan G4 ser ut til å ha stålkontroll over kva former han føretrekkjer å nytte, ser vi døme på at dei fleste andre utviser motstridande åtferd ved eitt eller fleire høve. Som synleg i tabellane 17, 18 og 19, enda eg difor opp med å vurdere alle informantane til å ha «noko» samsvarande åtferd på tvers av metodane, unnateken G4, som eg har vurdert til å ha totalt samsvar. Dette viser at dei to metodane brukt i denne oppgåva truleg rettar seg inn mot ulike sider ved språkkunnskapen.

Byggeklossoppgåva baud også på nokre fleire interessante utsegn, som har å gjere med sosiogeografiske assosiasjonar knytt til ulike former. Eg ventar med å trekkje fram desse til 5.2, der eg vil nytte dei i samband med sosiolingvistiske forklaringsmodellar.

¹⁸ Det er verd å nemne at dette moglegvis kan ha å gjere med gruppedynamikk – gruppe 3 hadde tre medlemar, medan dei to andre hadde to.

5 Diskusjon

I dette kapittelet vil eg diskutere funna mine, med særleg vekt på å jamføre dei med GenVAC sine resultat, henta frå van Baal, Solbakken, Eik og Lohndal (2023) og van Baal, Eik, Solbakken og Lohndal (under trykking). I 5.1 utforskar eg forholdet mellom ubundne artiklar og bundne suffiks, og forsøker å nøste opp i kvifor resultatata mine er noko sprikande når det kjem til dette. Eg vil òg diskutere samspelet mellom linn/sterk-distinksjonen og nynorsk normpåverknad, og gå i djupna på særskilde ord som oppfører seg interessant i datamaterialet. I 5.2 vil eg drøfte funna mine i lys av sosiolingvistiske forklaringsmodellar og teoriar om talemåsendring i Noreg, med vekt på teorien om sentrumshopping. Som nemnd innleiingsvis er dette perspektivet sekundært, og vil difor ikkje verte via like mykje plass som resten av diskusjonen. Først vil eg summere opp hovudfunna:

1. Medan produksjonen til informantgruppa A av både ubundne artiklar og bundne suffiks er på 100 % for alle han- og inkjekjønnsord, er produksjonen av desse lågare for hokjønnsorda. Dette tyder på at ei endring knytt til grammatisk hokjønn kan vere i startfasen på områda eg undersøker.
2. Det er ein del variasjon i materialet mitt, særleg om ein jamfører dei konvensjonelle og dei kuriøse hokjønnsorda. Det er òg skilnad på produksjonen til informantar frå dei tre ulike tettstadene, og på individnivå finn vi variasjon i proporsjonaliteten mellom produserte hokjønnsartiklar og -a-endingar.
3. Jamvel om produksjonen av hokjønnsartiklar til hokjønnsord er lågare enn den for han- og inkjekjønnsartiklar til sine respektive ord, er skilnaden ikkje like stor som den som har vore funne tidlegare i Trondheim og Tromsø (Rodina & Westergaard, 2015; Busterud, Lohndal, Rodina & Westergaard, 2019) eller som GenVAC fann i områda dei undersøkte. Dette indikerer at viss det vi ser, er starten på eit bortfallet av hokjønn, så har endringa enno ikkje har rukke å gå veldig langt på områda eg undersøker. Endringa *kan* ha byrja på eit tidspunkt mellom kontrollpersonen på 56 år og informantane på 14-18 år vaks opp, men her må det takast atterhald om at talet på informantar og kontrollpersonar er for lågt til å trekkje nokon generelle slutningar.

5.1 Kva er greia med suffiksa?

Funna til GenVAC viser at der den ubundne hokjønnsartikkelen langt på veg har falle bort, er -a-endingar typisk bevart, med unntak av blant ungdom i Stavanger.¹⁹ På dei fleste områda dei undersøkte, var det altså ein relativt stor skilnad i informantane sin samanlagte produksjon av desse. Jamvel om mine funn òg antydner ein slik skilnad mellom artiklar og suffiks, er ikkje kontrasten i nærleiken av like stor. I tabell 20 under har eg sett opp data frå B-gruppene til GenVAC, og mine data nedst.

¹⁹ Det er relevant å nemne at GenVAC gjennomførte eksperimenta sine med VGS-elevar på ein prestisjefyllt og ressurssterk skule i Stavanger, noko som kan ha påverka resultatata (van Baal, Eik, Solbakken, & Lohndal, under trykking, s. 39).

	Artiklar	Suffiks	Skilnad i prosentpoeng
Trondheim	11,82 %	97,18 %	85,36
Lyngdal	21,04 %	100,00 %	78,96
Kristiansand	12,12 %	87,58 %	75,46
Bodø	36,94 %	98,42 %	61,48
Stavanger	0,61 %	36,28 %	36,67
Egersund	79,33 %	96,69 %	17,36
Mo i Rana	94,28 %	99,67 %	5,39
Volda, Ørsta, Dalsfjord	73,27 %	88,61 %	15,34

Tabell 20: oversyn over artiklar og suffiks frå GenVAC (B-grupper) og mine eksperiment


Det er interessant å merkje seg at mine informantar produserte *færre* -a-endingar og *fleire* hokjønnsartiklar enn fem av sju GenVAC-område. Det ser altså ut til at artiklar og suffiks har ei nærare tilknytning på mine område enn dei fleste av desse, med unntak av Egersund, som er det mest samanliknbare området.

Det er heller ikkje rimeleg å berre ta utgangspunkt i dei samanlagde scorane frå informantgruppa mi – om vi ser på figur 12 i 4.1.3, blir biletet noko meir samansett. To av informantane mine produserer ubundne artiklar og bundne suffiks like ofte (G2, J3), og to produserer -a-endingar oftare enn hokjønnsartiklar (G1, J5). Éin scorar og 100 % for begge kategoriar, og utviser dermed ingen skilnad. Det vil seie at fem av ti informantar ikkje føyer seg etter tendensen til at suffiks jamt over blir bevart i større grad enn artiklar. Berre éin informant sin produksjon liknar på funna frå GenVAC – G5 – han scora 0 % for hokjønnsartiklar, og 75 % for -a-endingar, som er grunnen til at dei samanlagde scorane ser ut som dei gjer, med høgare tal for suffiks enn for ubundne artiklar. Dei fem andre informantane utviste anten ein relativt liten eller ein marginal skilnad på produserte hokjønnsartiklar versus -a-endingar. Det er altså vanskeleg å observere noko tydeleg, gjennomgåande mønster for korleis artiklar og suffiks oppfører seg og i kva grad dei heng saman i datamaterialet mitt.

Årsakene til dette er ikkje openberre. Som nemnt i kapittel 2.1.1 er tilhøvet mellom genus og bøyning i norsk mykje omdiskutert, og avhengig av kven du spør, kan bøyingsendingar anten vere uttrykk for genus, eller ikkje. Eit av syna eg presenterte, tilhøyrer Svenonius (2017) (omtala i van Baal, Eik, Solbakken og Lohndal, under trykking), som har foreslått at bundne suffiks kan vere uttrykk for genus, men berre dersom denne distinksjonen ser lik ut i dei ubundne artiklane. Dette inneber at når trekjønnsdistinksjonen i artiklane blir truga, sluttar det bundne suffikset å uttrykke kjønn, og er då berre eksponent for bøyingsklasse. I tillegg antydar funna til Rodina og Westergaard (2013) at norske born tileignar seg det nominale bøyingsystemet snøggare enn genusystemet for artiklar, noko som underbygger synet på desse som to åtskilde system. GenVAC sine funn kan seiast å vere i tråd med dette synet, medan mine funn moglegvis er i konflikt med det, sidan det er vanskeleg å spore nokon tydeleg tendens der -a-endingar til dømes er mykje meir i bruk enn *ei*. Kvifor ser den bundne bøyinga i mitt materiale ut til å henge så tett saman med den ubundne artikkelen?

5.1.1 Sterkheit, linnheit og nynorsk normpåverknad

På dei fleste områda fann GenVAC ingen signifikante skilnader mellom linne og sterke hokjønnsord når det gjeld bruken av *ei* eller *-a*-endingar. Dei fann derimot ein skilnad i nokre grupper frå Stavanger, Mo i Rana og Egersund, samt alle gruppene i Lyngdal. GenVAC spekulerer i om dette er relatert til morfologisk kompleksitet, sidan linne hokjønnsord endar på *-a* i staden for *-e* i desse dialektene, noko som bidreg til å skilje ut hokjønn som eigen kategori (tabell 4). Det er då mogleg at dette trekket vernar om grammatisk hokjønn spesifikt ved dei linne orda (van Baal, Eik, Solbakken, & Lohndal, under trykking, s. 33). I områda eg undersøker, endar ikkje linne ord på *-a* i ubunden form, men gjer det i bunden form (kløyvd hokjønnsbøying, tabell 4). Det er mogleg at dette kan ha litt av den same effekten, for materialet mitt syner òg ein viss skilnad mellom linne og sterke ord. Dersom vi ekskluderer ordet *auge* (det er grunn til å mistenke at dette kanskje ikkje har vore heilt gjennomført som hokjønnsord i den aktuelle dialekta – eg kjem nærare inn på dette i 5.1.2), scorar dei linne orda til saman 85 % for artiklar, og 100 % for suffiks; dei sterke scorar 80,37 % for artiklar og 87,64 % for suffiks. Delt inn etter type (tabell 3), igjen ekskludert *auge*, ser diagrammet slik ut, heller enn det som vart presentert i 4.1.3:



Figur 14: artiklar og suffiks etter type hokjønnsord, ekskludert *auge*

Dei linne orda scorar altså høgast for artiklar, og 100 % for suffiks. Det er mogleg at suffikset blir bevart i så stor grad på grunn av den kløyvde hokjønnsbøyinga i dialekta. Sjølv om det er uvisst kor robust dette trekket er blant unge språkbrukarar, kan det likevel tenkjast at dei jamleg blir eksponerte for linne hokjønnsord med *-å*-ending som input, og at dette kan verke inn på produksjonen deira. Alternativt kan denne observasjonen ha å gjere med at linne ord generelt har sterkare tilknytning til hokjønn, i tråd med Trosterud (2001) og Urek, Lohndal og Westergaard (2022). Kva for ei av desse forklaringane som er mest sannsynleg, har eg ikkje belegg for å seie noko om. Det kan òg hende at både faktorane spelar inn, og påverkar utviklinga i same retning.

Det kan òg sjå ut til at det er eit samspel mellom nynorskpåverknad og linn/sterk-distinksjonen. Blant dei nynorske hokjønnsorda (type 3 og 4) er det ingen tydeleg skilnad mellom linne og sterke ord, men blant dei som ikkje er hokjønnt i nynorsk (type 1 og 2) blir linne ord kombinerte med *ei* mykje oftare enn dei sterke. Den mest utsette gruppa hokjønnsord ser då ut til å vere type 1, som korkje har støtte i nynorsk eller i morfofonologiske trekk som er assosierte med grammatisk hokjønnt. Dette kan vere tilfeldig – eller så kan det antyde at nynorsken og skriftleg innputt, i alle fall til ei viss grad, er ein normgivar når det kjem til genussystemet til informantane. Alle informantane har, og har alltid hatt, nynorsk som hovudmål på skulen. Sjølv om eg ikkje veit noko om korleis den nynorske skriftproduksjonen *deira* ser ut, er det likevel rimeleg å anta noko om kva slags nynorsk dei har som *input*. Her er det naturleg å gå ut ifrå at språket dei blir eksponerte for i korrekturlesne bøker, på skulen og i media, i stor grad følgjer normert genus.²⁰ Alternativt kan det vere slik at orda som tradisjonelt er hokjønnt i denne dialekta, men der dette ikkje har støtte korkje i (dei fleste) andre talemål eller i standardisert nynorsk, står veikare. Frå dette perspektivet er det vel så mykje den varierte inputen for dei kuriøse orda som gjer at desse står utsett til, som at det er den stabile inputen frå nynorsk som støttar opp om dei konvensjonelle – sjølv om dette kan seiast å vere to sider av same sak.

Dersom vi zoomar litt ut att, og deler inn scorane for artiklar og suffiks etter kategoriane *konvensjonelle* og *kuriøse* hokjønnsord, materialiserer det seg eit bilete som er meir foreinleg med GenVAC sine resultat, jamført med situasjonen eg presenterte i førre delkapittel. Alle dei konvensjonelle orda scorar nemleg mellom 80 og 100 % for artiklar, og mellom 90 og 100 % for suffiks, og det er ingen store skilnader dei imellom. Alle desse orda, med unntak av *dronning*, høyrer til type 3 og 4. Denne konvensjonelle gruppa er altså gjort opp av både linne og sterke ord, som alle er hokjønnt på nynorsk. Sagt med andre ord ser det ut til at vi kan identifisere ei gruppe ord som oppfører seg nokså einskapleg, og i tråd med generelle tendensar på nasjonalt nivå. Ut ifrå dette kan det vere nærliggande å tru at gruppa i sin heilskap er i ferd med å bli råka av overgangen til tokjønnsystemet, slik som GenVAC resonnerer:

[Det er] en del variasjon i hvor ofte de forskjellige ordene er kombinert med ei, men variasjonen er ikke veldig stor, og det er ingen ord som enten aldri eller alltid blir brukt med ei. Dette indikerer at endringa påvirker hunkjønnt som grammatisk kategori, heller enn enkelte ord. (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 44)

Dersom endringa påverkar hokjønnt som kategori, forklarar det likevel ikkje kvifor eg finn så mykje meir variasjon blant dei kuriøse orda, og kva implikasjonane av dette eventuelt er for korleis ein tolkar overgangen frå tre- til tokjønnsystem: er denne verkeleg gjennomgåande og systematisk, eller finst det til dømes belegg i datamaterialet mitt for å hevde at overgangen hender på ordnivå, heller enn kategorisk?

Blant orda som scora lågast for både artiklar og suffiks, finn vi som nemnt *auge* og *familie*. Desse to står for ein god del av dataa som gjer at kategorien kuriøse ord synest å vere meir sprikande enn dei konvensjonelle. I neste

²⁰ Eg har ikkje klart å spore opp forskning som tek føre seg rett/feil genusbruk i nynorsk media eller i skulevesenet, så her må det takast atterhald om at røynda kanskje ser annleis ut enn eg antek.

delkapittel vil eg forsøke å svare på kvifor akkurat desse, og nokre til, skil seg ut frå resten av orda i testmaterialet mitt.

5.1.2 Utgreiing om dei kuriøse orda

Det som er symptomatisk for overgangen til tokjønnsystemet, er at hokjønns- og hankjønnsord smeltar saman til eitt felleskjønn, som har maskulin morfofonologi og blir nytta med hankjønnsartikkelen *en*. Dersom målet er å finne ut kor vidt denne endringa rår hokjønn som grammatisk kategori, er det difor ikkje heilt rimeleg å inkludere ordet *auge* i diskusjonen, sidan dette ordet i aukande grad blir tildelt inkjekjønn, ikkje hankjønn. *Auge* har opphav i den gamalnorske u-klassa, som omfatta eit utval kroppsdelord, mellom anna *auga* (auge), *eyra* (øyre), *hjarta* (hjarte), *lunga* (lunge), *nýra* (nyre) og *okla* (okle) (Haugen, 2001, s. 135). Desse har opphav i dei urnordiske an-stammane, og var linne nøytrumsord. Av desse er berre *auge*, *øyre* og *hjarte* framleis nøytrum i nynorsk. Av di desse denoterer kroppsdelar, er dei høgfrekvente, men det har ikkje naudsynlegvis bidrege til at genuset er robust: Beito (1954) observerer at alle desse orda er døme på linne nøytrumsord som på eit tidspunkt har meldt overgang til femininum i somme dialekter, mellom anna sunnmørsk (Beito, 1954, s. 104, 129). Aasen (1924) nemner det same: «De neutrer, som ende paa a i andre dialekter, ende her paa e og ere regelmessige. Et par af dem ere overgaaende til Hunkjønnsord, nemlig Aue (for Auga) og Øyre» (Aasen, 1924, s. 22). I førebuinga til mine eksperiment har eg òg teke utgangspunkt i at *auge* og *øyre* tradisjonelt er femininum på Søre Sunnmøre, men sidan det kan sjå ut til at desse fyrst relativt nyleg har vorte det, og det er uvisst kor gjennomført denne endringa har vore på eit lokalt nivå, er denne vurderinga kanskje ikkje heilt vasssett – sagt med andre ord kan det altså hende at *auge* ikkje var heilt gjennomført som hokjønnsord i utgangspunktet. I alle tilfelle er det ikkje rimeleg å inkludere *auge* i ein diskusjon kring kva som kjenneteiknar overgangen til hankjønn, og dersom desse dataa blir ekskluderte frå materialet, minkar variasjonen blant dei kuriøse orda noko.

Det desse dataa derimot kan fortelje oss noko om, er kva som driv endringar i sunnmørsdialekta generelt. *Auge* er langt på veg eit inkjekjønnsord i dei fleste norske dialekter, mellom anna standard austnorsk, og det er normert som inkjekjønn i både målformer. Det kan difor tenkjast at sjølv om dette ordet i streng forstand ikkje er råka av den språklege endringsprosessen som er fokuspunktet for denne oppgåva, er det underlagt nokon av dei same kreftene som driv denne endringa. I neste delkapittel vil eg drøfte kva som hender når eit talemål blir utsett for same type påverknad, men frå ulike retningar.

Som illustrert gjennom ymse lingvistiske døme i 4.2.3, oppfører orda *historie*, *familie*, *diagnose* og *metode* seg noko uføreseieleg – vi finn mange døme på både maskuline og feminine former brukte saman med dei i byggeklossoppgåva. I tillegg scorar *familie* lågt for både artiklar og suffiks i elisiteringstesten, og dreg ned statistikken monaleg for dei kuriøse orda. Kor vidt *historie*, *diagnose* og *metode* hadde scora like lågt i ein elisiteringstest, veit ikkje vi noko om, men alle desse fire er formlike, og det er ikkje unaturleg å spekulere i om dei difor kan fylje same mønsteret. Beito (1954) har ein eigen seksjon dedikert til linne lånnord. Desse vekslar i følge han mellom maskulint og feminint genus, både i gamalnorsk og moderne norsk. Blant desse orda finn vi mellom anna *historie*, saman med ord som *hypotese*, *kommune*, og *analyse* (Beito, 1954, s. 28). Det dei

vekslande orda frå mitt testmateriale har til felles med desse, er nettopp at dei er linne lånord, og eit par av dei, som *diagnose* og *metode*, har òg eit svært papirknitrande preg. Ei mogleg forklaring på kvifor desse oppfører seg så uføreseieleg i materialet mitt, kan difor vere at dei allereie har vore vekslande i lang tid, og i tillegg er høgfrekvente i skrift, der dei i korrekt nynorsk vil bli nytta saman med hankjønnsartiklar og -suffiks. Til saman kan dette bety at talarar får ein del variert input for dei, noko som har resultert i den store mengda variasjon ein kan observere i datamaterialet mitt.

5.2 Målbryting, sentrumshopping og det isomorfiske crux

5.2.1 Målbryting

Sjølv om ikkje variasjon innanfor eit talemål naudsynlegvis fører til permanent endring, er det ein *føresetnad* for at ei slik endring kan tre i kraft. Det tyder at når ein skal få innsikt i endringar som er i frammarsj, lyt ein sjå etter stader der ulike variantar er i bruk parallelt (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 125). Eit slikt språksteg er gjerne prega av mykje inter- og intraindividuell variasjon, der både einskilde talarar vekslar mellom ulike variantar i repertoaret sitt, og variantar blir «karakteristiske» for særskilde grupper på eit kollektivt nivå (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 125). Ein språkbrukar kan på denne måten anten nyttiggjere seg eller unngå ein variant for å signalisere ei viss kulturell tilhøyrse. Omgrepet *målbryting* viser til denne prosessen, der ulike variantar knivar om dominans, og resultatet gjerne er at den gamle varianten går ut av bruk etter ei stund (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 125).

Som etablert i kapittel 4, er datamaterialet mitt i stor grad prega av denne typen variasjon, og med dei naudsynlege atterhalda om at eg har relativt få informantar, er det er difor ikkje unaturleg å anta at ein målbrytingsprosess går føre seg i Volda og Ørsta kommunar på dette tidspunktet. Vi har sett døme på at talarar nyttar ulike variantar både i løpet av same eksperimentet og på tvers av eksperiment. Det er interessant å undersøkje kor medvite informantane navigerer denne variasjonen, og i kva grad dei opplever at sosial meining er knytt til ulike variantar. Her er *normsensitivitet* eit relevant omgrep. Sandengen (2023, s. 14-15) forklarar omgrepet slik: «[Normsensitivitet kan] forstås som en ømfintlighet knytta til hvilke språklige varianter som eksisterer og er tilgjengelige, og hvilke av dem som skal og bør brukes i ulike kontekster, og ut fra hva man ønsker å signalisere». Lat oss sjå på eit par døme:

J1 og J2 frå Volda sa begge to «en familie» i elisiteringseksperimentet, men nytta konsekvent «ei familie» då dei var på same gruppe i byggeklossoppgåva, og setninga dei vart samde om, inneheldt også denne konstruksjonen (tabell 17, 18 og 19). Ut i frå dette ser det ut til at både ho- og hankjønnsartikkelen blir akseptert av desse informantane, og nytta i ulike kontekstar, utan at eg har belegg for å seie noko om kva slags vilkår som tillèt bruken av den eine eller den andre. Etter kvart kjem J1 med ei utsegn som kan antyde at ho assosierer varianten «familia mi» med ei særskild gruppe talarar:

J1

«familia mi», det e sånn dei sei inni dalsfjorden trur ej

Lingvistisk døme 14

Det er uvisst om ho berre refererer til Dalsfjord som geografisk eining, eller på eit meir abstrakt plan viser til «dalsfjordingar» som ei sosiokulturell gruppe som står i eit motsetnadsforhold til «voldingar», der dei to representerer ulike gradar av t.d. urbanitet og ruralitet. Det som er interessant her, er at J1 ser ut til å registrere -a-ending saman med ordet *familie* som meir markert enn hokjønnsartikkel. I lys av det faktum at -a-endingar jamt over består sjølv når hokjønnsartikkelen fell bort, er dette underleg. Igjen ser det ut til at akkurat ordet *familie* oppfører seg ulikt alle dei andre orda i testmaterialet mitt.

Interessant nok peiker G4 frå Dalsfjord seinare på at den same varianten er «litt finare på det», og ved spørsmål hevdar han at det er ein variant voldingane nyttar (døme 15). Dette spørsmålet vart rett nok stilt i ein annan kontekst enn den J1 uttalte seg i. Her er det nemleg snakk om eit spenningsforhold mellom -a- og -å-ending – altså uttrykkjer han ein sensitivitet overfor kløyvd hokjønnsbøying, der han har registrert at «voldingane» vantar dette trekket – medan døme 1 over dreidde seg om -a versus -en.

- | | |
|------|---|
| G4 | det e «familiå» |
| G3 | ja |
| Int. | føle dokke at det e forskjel på det også? |
| G4 | ja det e ... «familia», det e litt finare på det då |
| Int. | ken so seie det? |
| G4 | voldingane |

Lingvistisk døme 15

Ut ifrå dette kan ein nesten forstå det slik at varianten *familia* ifølgje desse to er ein slags vanskaping; for «fin» for dalsfjordingen og for markert for voldingen. G3 frå Dalsfjord nytta likevel *familien* og *en familie* i elisiteringseksperimentet, og uttrykte aksept overfor *en familie* i byggeklossoppgåva. G4 frå Dalsfjord er ueinig (døme 16), noko som understrekar kor variabel denne forma er.

- | | |
|------|-----------------------------------|
| Int. | ka med ... skal me sjå ... ditta? |
| G3 | ja det kunne me ha sagt |
| G4 | «en familie?» |
| Int. | mhm |
| G4 | nei det hadde vorte ei familie |

Lingvistisk døme 16

Sett bort i frå det faktum at G4 ofte er på bana med formeiningar om kva som er «rett» å seie på hans eiga dialekt (døme 5, 6, 7), er det faktisk vanskeleg å spore nokon tydelege uttrykk for normsensitivitet blant nokon av dei andre informantane. Gruppe 3 frå Volda gav til dømes ikkje uttrykk for nokon særskilde preferansar for *ei* eller *en* saman med orda *metode* og *diagnose* (døme 8, 9). Gruppe 2 frå Dalsfjord, derimot, har klårare overtendingar i respons på liknande spørsmål (døme 5). Her er det viktig å ha i mente at eg sikkert kunne ha avdekt ein tydelegare normsensitivitet blant fleire av informantane, dersom eg hadde stilt andre spørsmål eller

testa andre språklege variablar. Med omsyn til J1 sin reaksjon på *familia* kan det til dømes vere at -a-endingar saman med dei same orda hadde utløyst ein annan reaksjon.

Det einaste som er mogleg å slå fast med utgangspunkt i desse dataa, er at G4 er den einaste informanten som konsekvent uttalar seg med stor vissheit om kva som er rett og gale av former som varierer mykje i materialet mitt. Han er òg einaste informanten som scora 100 % for produksjon av både artikkel og suffiks, og som mest konsekvent opprettheld kløyvd hokjønnsbøying i den talen eg har dokumentert i dei to eksperimenta. På eit vis er han difor representant for ein varietet som synest å vere sjeldnare vare blant ungdom på same alder, noko som kan forklare kvifor han, av alle, er den som har sterkast ømfintlegheit knytt til bruken av dei ulike formene.

5.2.2 Sentrumshopping

Ein av hypotesane GenVAC jobbar ut ifrå, er at *sentrumshopping* er ein relevant forklaringsmodell: endringane startar i større byar, og spreier seg deretter til mindre strøk (van Baal, Solbakken, Eik, & Lohndal, 2023, s. 26). Dette synet føyer seg inn under teorien om språkleg endring som ein regionaliseringsprosess, der påverknad hender langs ein horisontal akse (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 134). I staden for å gå ut ifrå at trekk spreier seg direkte frå eit overnasjonalt «standardtalemål» og vidare til resten av landet (vertikal akse), blir dei formelle eller uformelle regionsentera eit mellomstopp, som fungerer som normagent for dei perifere strøka. På same vis kan mindre byar og bygder i tur spreie desse vidare til sine næraste distrikt (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 133). Dersom ein tek utgangspunkt i denne teorien, er det nærliggjande å tenkje seg at dess meir ruralt eit talemålsområde er, dess fleire ledd må eit trekk gå gjennom før det råkar området, og dess seinare vil området difor bli påverka av endringsprosessar på nasjonalt plan. Resultata til GenVAC støtter opp under dette, sidan dei minste områda var dei som syntest å ha kome kortast i overgangen til tokjønnsystem.

Dersom vi analyserer funna mine med sentrumshopping i mente, er det naturleg å anta at det er Ålesund som i fyrste omgang er ansvarleg for å spreie språklege trekk vidare til Volda og Ørsta. Denne byen er med sine 55,386 innbyggjarar (2023) største byen på Sunnmøre (Statistisk sentralbyrå, 2023). Det finst førebels ikkje nokon studiar som har undersøkt stoda til genussystemet i det ålesundske bymålet, men det vi veit, er at dette talemålet generelt sett er påverka av austlandske dialekter, samt det bergenske bymålet (Sandøy, 1990, s. 74). Dialekta har ikkje kløyvd hokjønnsbøying, og vantar såleis eitt av trekk som gjer genusmorfologien i Volda- og Ørsta-dialektane kompleks (Sandøy, 1990, s. 73). Ålesund by er òg einaste staden på Sunnmøre som ikkje er del av det nynorske kjerneområdet, og innbyggjarane der blir difor meir eksponert for bokmål enn det resten av Sunnmøre blir (Flaten & Vollan, 2021, s. 81). Fram til 1. januar 2020 var Ålesund kommune språknøytral, men i høve samanslåinga med dei gamle nynorsk kommunane Ørskog, Skodje, Haram og Sandøy, vart det i 2019 fatta vedtak om at nye Ålesund kommune òg skulle ha nynorsk som offisiell målform (Flaten & Vollan, 2021, s. 97). Dette vedtaket vart likevel reversert i 2023, og nye Ålesund kommune praktiserer no atter ein gong språknøytralitet (Ålesund kommune, 2024). Sett i lys av hypotesane frå GenVAC-prosjektet, sannsynleggjer desse faktorane (storleik og skriftspråk) at eit eventuelt bortfall av hokjønns *kan* ha trede i kraft òg i Ålesund, noko som *kan* ha påverka talemåla i mine område til å gå i same retning.

Det finst likevel fleire studiar av sunnmørske talemålsområde – deriblant nokre studentoppgåver – som til ei viss grad sår tvil om ei slik antaking. Anna Lianes (2013) forska i masteroppgåva si på endringar i talemålet i Åram i Vanylven kommune. Resultata hennar viste at mange av variablane syntest å endre seg i retning av eit system som høyrer heime i områda *rundt* Ålesund, snarare enn i Ålesund bymål. Konklusjonen var at Ålesund ikkje med vissheit kan reknast som noko språkleg normsenter på Sunnmøre, sidan den utviklinga ho fann, ikkje var tilsynelatande påverka av faktiske språktrekk frå bymålet (Lianes, 2013, s. 108). I masteroppgåva si frå 2022 nytta Ragnhild Rooney ein masketest for å avsløre dei umedvitne haldningane som ungdommar i Herøy har til dialektene i området. Informantane hennar rangerte ålesundsdiakta lågast av alle dialektene som vart testa²¹ (Rooney, 2022, s. 58). Abrahamsen (1995) påviste òg eit handgripeleg fiendskap²² mot denne dialekta blant unge språkbrukarar i Herøy. Både Lianes (2013) og Abrahamsen (1995) fann derimot ut at ungdomane rangerer austlandske dialekter og bokmål ein god del høgare enn ålesundsk.

Kan hende har ungdomane i Volda og Ørsta andre haldningar enn det dei i Åram og Herøy hadde; kan hende har dei dei same. Det er uansett ikkje nokon automatikk i at negative estetiske vurderingar av eit talemål umogleggjer påverknad frå det. Kor vidt det er Ålesund som driv eit byrjande bortfall av grammatisk hokjønn på Søre Sunnmøre, har eg difor ikkje grunnlag for å seie noko sikkert om. Eg vil halde meg til å seie at det er ei plausibel moglegheit. Dette er med utgangspunkt i at både Dalsfjord, Volda og Ørsta er relativt rurale strøk, som kan tenkjast å vere «sist ut» med å bli påverka av ein slik sentrumshopping-effekt. Det gjev då meining at endringa, viss ho er reell, enno ikkje ser ut til å ha kome særleg langt. Det forklarar også kvifor informantane frå Volda, som utan tvil er den mest urbane tettstaden av dei tre, nyttar hokjønn noko mindre enn resten.

Til slutt er det relevant å nemne at dersom ei form til dømes er lik i det ålesundske bymålet, austlandske dialekter, og begge dei norske målformene, er det sannsynleg at påverknadskrafta til desse normgivarane blir gjensidig forsterka. Dette er eit døme på det Hårstad (2009) kallar *det isomorfske crux*: når det er formsamanfall (isomorfi) mellom fleire varietetar som kan tenkjast å påverke eit talemål, er det uråd å avgjere kvar påverknaden kjem frå (Hårstad, 2009, omtala i Hårstad, 2010, s. 332). Slik sett kan overgangen til slike former like gjerne tale til fordel for standardisering som regionalisering. Det som uansett er verd å merkje seg, er at det er fleire moglege forklaringar på kvifor mange av hokjønnsorda eg har undersøkt, kan vere sårbare, og at det ikkje er usannsynleg at fleire av desse stemmer samstundes.

²¹ Testmaterialet inkluderte språkprøver frå Herøy, Sande, Ulstein, Ålesund og «austlandet».

²² Då ein av informantane til dømes skulle krysse av for om han tykte ålesundsdiakta var *fin*, *stygg* eller *veit ikkje*, hadde han teikna si eiga rute og kryssa av for *ræva*.

6 Konklusjon

6.1 Svar på forskingsspørsmåla

Føremålet med denne masteroppgåva var å finne ut av korleis bruken av grammatisk hokjønn ser ut for ei gruppe unge språkbrukarar frå Søre Sunnmøre, eit område med ein sterk nynorsktradisjon. Etter å ha analysert og diskutert funna mine, vil eg no forsøke å svare på dette, gjennom dei fem underspørsmåla eg har formulert.

- 1. Korleis ser produksjonen av ubundne artiklar og bundne eintalssuffiks til informantane ut, i eit eksperiment designa for å elisitere desse?**

Informantane sin produksjon av artiklar og suffiks var lågare for hokjønnsord enn for han- og inkjekjønnsord. Dette indikerer at eit bortfall av hokjønn kan ha byrja på områda eg undersøker, men om det er ei endring, ser ho enno ikkje ut til å ha kome særleg langt. Det er òg noko variasjon mellom einskilde ord, som moglegvis kan bli forklart ut ifrå historikken til orda. Informantane frå Volda nytta mindre hokjønn enn dei frå Ørsta og Dalsfjord.

- 2. Kva val tek informantane med omsyn til hokjønnsformer, i møte med eit skriftleg stimulusmateriale som dei skal bruke til å bygge setningar i grupper?**

Gruppe 3 frå Volda nytta få hokjønnsformer i setningane sine; gruppe 2 frå Dalsfjord nytta utelukkande hokjønnsformer; og gruppe 1 frå Volda nytta nokså mange. Desse observasjonane er i tråd med data frå elisiteringseksperimentet, som viser at voldingane nytta mindre hokjønn enn resten. I byggeklossoppgåva kom det òg fram at gruppa frå Dalsfjord valde å nytte -å-endingar på alle linne hokjønnsord, medan ingen av dei hine to gruppene gjorde dette på noko tidspunkt.

- 3. I kva grad er det samsvar mellom åtferda deira på tvers av desse situasjonane (spørsmål 1 og 2)?**

Åtferda til informantane samsvarar noko på tvers av situasjonane, men ikkje heilt. Det einaste ordet som var med i testmaterialet for begge metodane, er *familie*, og vi såg døme på at deltakarar nytta ulike artiklar og suffiks med det på tvers av situasjonane. Éin informant nytta gjennomgåande -å-endingar med linne hokjønnsord i byggeklossoppgåva, men ikkje i den elisiterte produksjonen frå metode 1. Desse funna tydar på at dei to metodane truleg får fram ulike aspekt ved språkbruk og -haldningar, og difor kan vere nyttige å bruke i kombinasjon med kvarandre.

- 4. I kva grad oppfører ulike grupper av hokjønnsord seg einskapleg i produksjonen til informantane?**

Ut i frå materialet eg har hausta inn, ser det ut til at linne ord, som tradisjonelt får -å-ending i den aktuelle dialekta, er noko meir robuste som hokjønnsord enn dei sterke orda. Det ser òg ut til at ord som er normerte som hokjønn i nynorsk, er noko meir robuste enn dei som ikkje er det, sjølv om vi finn døme på nynorske hankjønnsord som òg verkar nokså robuste som hokjønnsord i dialekta (drone, hjerne). I desse tilfella kan det vere at linnheita kompenserer for det faktum at genuset ikkje har støtte i skriftspråket.

5. Korleis plasserer desse resultatata seg i forhold til generelle tendensar til endringar i grammatisk hokjønn i norske dialekter?

Resultata er for det meste i tråd med GenVAC sine hypotesar og resultat, og i tråd med funn frå tidlegare undersøkingar av genusskifte i norske dialekter. Talemålet eg undersøker, har kompleks genusmorfologi, og områda er relativt rurale. Desse karakteristikkane tilseier ifølgje GenVAC at området skal ha kome kortast i overgangen frå tre- til tokjønnsystemet, eit syn som resultatata mine i alle fall ikkje er i konflikt med. Resultata mine *kan* òg byggje opp under teorien om sentrumshopping, men det er uvisst kor vidt Ålesund kan reknast som eit normsenter i denne samanhengen.

6.2 Vidare forskning

I mitt prosjekt har eg forska på språket til ei gruppe talarar på mellom 14 og 18 år, og funne ut at dei nyttar hokjønn mindre enn kontrollpersonen på 56 år, som eg har tolka som representant for eit meir tradisjonelt system, basert på forarbeidet og mine eigne intuisjonar som talar av dialekta. Eit spørsmål som står att å svare på, er på kva tidspunkt mellom oppvekstperiodane til desse to gruppene grammatisk hokjønn byrja å falle bort, dersom det er tilfelle at det har hendt. Framtidige studiar kan forsøke å svare på dette, ved å gjennomføre liknande eksperiment med fleire informantar og fleire aldersgrupper. I denne samanhengen er det òg nyttig å undersøkje språket til mindre born, noko som kan fortelje oss kor snøgt ein eventuell endringsprosess går føre seg. Dersom ein til dømes finn ein stor kontrast mellom mine 14-18-åringar og ei gruppe barneskuleelevar, kan dette tyde på at endringa har trede i kraft seint, men breier snøgt om seg. Sidan oppgåva mi antydar at påverknad frå nynorsk kan vere eit relevant moment, kan det i framtida òg vere nyttig å utforske dette meir i djupna, ved å til dømes sjå på sjølv skriftproduksjonen til informantane.

I GenVAC-prosjektet vart ein større by og ein mindre tettstad undersøkt i ulike landsdelar, for å kartleggje kor vidt språkpåverknad hender langs den vertikale eller den horisontale aksene. Mine område er små, og det finst førebels ikkje nokon studiar som har kartlagt stoda til genussystemet i større byar på Sunnmøre, til dømes Ålesund. Dette kan vere interessant å undersøkje i framtida, særleg med omsyn til tidlegare studiar som antydar at Ålesund ikkje naudsynlegvis er eit normsenter på Sunnmøre. I tillegg kan det av same grunn vere interessant å granske andre potensielle kandidatar til normsenter i området.

Som dei noko kontrasterande resultatata frå dei to metodane mine viser, kan det sjå ut til at den typen metodetriangulering eg har nytta meg av i dette arbeidet, er positivt for å få fram ulike dimensjonar ved

språkevna. Difor vil eg til slutt trekkje fram som verdifullt å nytte andre og nye metodar i framtida, for å vidare undersøkje genus i dette talemålsområdet.

Litteratur

- Abrahamsen, J. E. (1995). Utvalde palatal-tal: metodekritisk lys på avpalatalisering i yngre mål i Herøy på Sunnmøre. Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Trondheim.
- Beito, O. T. (1954). *Genusskifte i nynorsk*. Oslo: Dybwad.
- Berg, I. (2019, 07.). Gender and declension mismatches in West Nordic. *Historical Linguistics 2015: Selected papers from the 22nd International Conference on Historical Linguistics*, ss. 27-31.
- Berg, I., Bugge, E., Røyneland, U., & Sandøy, H. (2018). Kapittel 3: Geografisk og sosial variasjon. I B. M. (red.), *Norsk Språkhistorie 2 - Praksis* (ss. 163-256). Oslo: Novus forlag.
- Bergsaker, D. (2021, 04. 28.). UiO.no. Henta frå ROS-analyse av mobilappen Nettskjema-diktafon: <https://www.uio.no/tjenester/it/adm-app/nettskjema/mer-om/informasjonsikkerhet/ros-analyse-av-diktafon.html>
- Busterud, G., Lohndal, T., Rodina, Y., & Westergaard, M. (2019). The loss of feminine gender in Norwegian: a dialect comparison. *Journal of Comparative Germanic Linguistics* 22, ss. 141-167.
- Cornips, L., & Poletto, C. (2005, 07.). On standardising syntactic elicitation techniques (part 1). *Lingua* 115(7).
- Dörnyei, Z., & Csizér, K. (2012). How to Design and Analyze Surveys In Second Language Acquisition Research. I A. Mackey, & S. M. (red.), *Research methods in second language acquisition: A practical guide* (ss. 74-94). Malden, Massachusetts: Wiley-Blackwell.
- Eik, R., Hårstad, S., & Opsahl, T. (under vurdering). "E det kje non ting at du kan bruka 'ein' te sånne hukjønnerb og nå?": Byggelek som inngang til metaspråklige refleksjonsdata.
- Enger, H.-O. (2004). On the relation between gender and declension: A diachronic perspective from Norwegian. *Studies in Language*, 28(1), pp. 51-82.
- Flaten, T., & Vollan, M. (2021). Bokmål, nynorsk eller språklig nøytral? En studie av målvedtak og målfornpraksis i kommunene. *Maal og minne*, 113(2), DOI: <https://doi.org/10.52145/mom.v113i2.2000>, ss. 75-113.
- Fløgstad, G., & Eiesland, E. A. (2019, 07. 10.). Gender shift in a Norwegian diminutive construction. *Nordic Journal of Linguistics*, ss. 57-85.
- Faarlund, J. T., Lie, S., & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gillioz, C., & Zufferey, S. (2021). Chapter 3. Studying Linguistic Productions. I C. Gillioz, & S. Zufferey, *Introduction to Experimental Linguistics (andre utgåve)* (ss. 55-78). London: Wiley.
- Hagen, K., Håberg, L., Olsen, E., & Søfteland, Å. (2018, 03. 07.). *Transkripsjonsrettleiing for LIA*. Tekstlaboratoriet: UiO.
- Haugen, M. E., & de Amoriza, S. E. (2023, 12. 27.). *Volda*. Henta frå Store norske leksison: <https://snl.no/Volda>
- Haugen, O. E. (2001). *Grunnbok i norrønt språk*. Oslo: Gyldendal.
- Hockett, C. F. (1958). *A Course in Modern Linguistics*. New York: Macmillan.

- Hovdenak, M; Killingbergtrø, L; Lauvhell, A; Nordlie, S; Rommetveit, M; Worren, D (red.). (2006). *Nynorskordboka (4. utgåve)*. Oslo: Samlaget.
- Hårstad, S. (2010). Unge språkbrukere i gammel by. En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim by. Doktoravhandling, NTNU.
- Kolsrud, S. (1974). *Nynorsken i sine målføre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Labov, W. (1972). *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Leow, R. P. (1997). Attention, Awareness, and Foreign Language Behavior. *Language Learning*, 47(3), ss. 467–505.
- Lianes, A. (2013). *Endringar i talemålet i Åram på Søre Sunnmøre: Ei sosiolingvistisk gransking i tilsynelatande tid*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Lødrup, H. (2011). Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? *Maal og Minne 2*, ss. 120-136.
- Mæhlum, B., & Røyneland, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm.
- Nunan, D. (1992). An introduction to research methods and traditions. I D. Nunan, *Research methods in language learning* (ss. 1-23). Cambridge: Cambridge University Press.
- Rodina, Y., & Westergaard, M. (2013, 04.). The acquisition of gender and declension class in a non-transparent system: Monolinguals and bilinguals. *Studia Linguistica*, 67(1), DOI: <https://doi.org/10.1111/stul.12012>, ss. 47-67.
- Rodina, Y., & Westergaard, M. (2015). Grammatical gender in Norwegian: Language acquisition and language change. *Journal of Germanic Linguistics*, 27(2), ss. 145-187.
- Rooney, R. (2022, 05. 25.). *Haldningar til dialekter blant ungdom i Herøy: Ei haldningsgransking på Søre Sunnmøre*. Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Sandengen, A. (2023, 05.). *Ikke at det er feil sånn egentlig, bare at det er, sånn, det er litt annerledes*. Masteroppgåve, NTNU Trondheim.
- Sandøy, H. (1990). Vestlandet - der fjordane batt folket saman. I E. H. Jahr (red.), *Den store dialektboka* (ss. 63-87). Oslo: Novus.
- Skjekkeland, M. (1997). *Dei norske dialektane*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Sollid, H. (2003). Dialektsyntaks i Nordreisa: språkdannelse og stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk. Doktoravhandling, Universitetet i Tromsø.
- Statistisk sentralbyrå. (2023, 12. 12.). *Statistisk sentralbyrå*. Henta frå De 10 største byene, tettstedene og kommunene i Norge: <https://www.ssb.no/befolkning/folketal/artikler/de-storste-byene-og-tettstedene-i-norge>
- Svenonius, P. (2017). Declension class and the Norwegian definite suffix. I V. Gribanova, & S. S. (red.), *The morphosyntax-phonology connection: Locality and directionality at the interface* (ss. 325-359). Oxford: Oxford University Press.
- Thorsnæs, G. (2021, 01. 11.). *Dalsfjord (tidligere kommune)*. Henta frå Store norske leksison: https://snl.no/Dalsfjord_-_tidligere_kommune
- Thorsnæs, G. (2023, 12. 27.). *Ørsta*. Henta frå Store norske leksison: <https://snl.no/ørsta>

- Trosterud, T. (2001). Genustilordning i norsk er regelstyrt. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 19, ss. 29-58.
- UiO. (2023, 10. 23.). *uio.no*. Henta frå Lydopptak med røde data i Nettskjema-diktafon:
<https://www.uio.no/tjenester/it/adm-app/nettskjema/hjelp/fortroligedata-diktafon.html>
- Urek, O., Lohndal, T., & Westergaard, M. (2022). En splyv eller et splyv? Tilordning av grammatisk genus til pseudosubstantiv i norsk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 40(1), pp. 7-26.
- van Baal, Y., Eik, R., Solbakken, H., & Lohndal, T. (under trykking). The decline of feminine gender: A cross-dialectal study of seven Norwegian dialects. *Journal of Comparative Germanic Linguistics*.
- van Baal, Y., Solbakken, H., Eik, R., & Lohndal, T. (2023). Endringer i grammatisk kjønn på tvers av dialekter: Et eksperimentelt paradigme. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 41, ss. 17-58.
- Woll, N. (2018). Investigating dimensions of metalinguistic awareness: what think-aloud protocols revealed about the cognitive processes involved in positive transfer from L2 to L3. *Language Awareness*, 27(1-2), DOI: <https://doi.org/10.1080/09658416.2018.1432057>, ss. 167-185.
- Ålesund kommune. (2024, 03. 15.). *Ålesund kommune*. Henta frå Målform - skriftspråk:
<https://alesund.kommune.no/kommunen/administrativ-organisering/malform/>
- Aasen, I. (1924). *Søndmørsk Grammatik, eller kortfattet Underretning om Bygdemålet på Søndmør*. Oslo: Norli.

